



Årsmelding 2025

SpareBank
LOM OG SKJÅK



#fjellbanken



#fjellbanken

LOM:
Sognefjellsvegen 4
2686 Lom

SKJÅK:
Skjåkvegen 1208
2690 Skjåk

VÅGÅ:
Moavegen 8
2680 Vågå

DOMBÅS:
Sentralplassen 5 A
Coop Senter
2660 Dombås

OSLO:
Karl Johans gate 6,
0154 Oslo

Telefon: 61 21 90 00
www.fjellbanken.no
bankpost@fjellbanken.no
Org. nr.: 937 888 015

Utforming og oppsett: Visus, Lom.

Foto framside: Sognefjellet.

Frå banksjefen	side	4
Strategiplan 2023 – 2025	side	6
Attendeblikk	side	7
Utvalde nøkkeltal	side	16
Årsmelding frå styret	side	17
Berekraftsrapport	side	29
RESULTAT OG NOTER	side	48
RESULTAT	side	48
BALANSE	side	49
KONTANTSTRØM	side	50
EGENKAPITAL	side	51
NOTE 1 GENERELL INFORMASJON	side	52
NOTE 2 VESENTLIGE REGNSKAPSPRINSIPPER	side	52
NOTE 3 KRITISKE ESTIMATER OG VURDERINGER VEDRØRENDE BRUK AV REGNSKAPSPRINSIPPER	side	59
NOTE 4 SEGMENTINFORMASJON	side	61
NOTE 5 KAPITALDEKNING	side	62
NOTE 6 FINANSIELL RISIKOSTYRING	side	63
NOTE 7 INNSKUDD OG UTLÅN	side	66
NOTE 8 OVERFØRING AV UTLÅN TIL KREDITTFORETAK	side	67
NOTE 9 ALDERSFORDELING PÅ FORFALTE, MEN IKKE NEDSKREVNE UTLÅN	side	68
NOTE 10 TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIER	side	68
NOTE 11 MAKS KREDITTRISIKOEKSPONERING, IKKE HENSYNTATT PANTSTILLELSER	side	74
NOTE 12 KREDITTKVALITET PR. KLASSE AV FINANSIELLE EIENDELER	side	74
NOTE 13 MARKEDSRISIKO KNYTTET TIL RENTERISIKO	side	75
NOTE 14 LIKVIDITETSRISIKO / GJENVÆRENDE KONTRAKTSMESSIG LØPETID PÅ FORPLIKTELSE	side	76
NOTE 15 FORFALLSANALYSE AV EIENDELER OG FORPLIKTELSE	side	76
NOTE 16 NETTO PROVISJONSINNTEKTER	side	77
NOTE 17 NETTO VERDIENDRING OG GEVINST/TAP PÅ VALUTA OG FINANSIELLE INSTRUMENTER	side	77
NOTE 18 PERSONALKOSTNADER OG YTTELSE TIL LEDENDE ANSATTE OG TILLITSVALGTE	side	77
NOTE 19 ANDRE DRIFTSKOSTNADER	side	80
NOTE 20 PENSJONER	side	81
NOTE 21 SKATT	side	81
NOTE 22 KLASSIFIKASJON AV FINANSIELLE INSTRUMENTER	side	82
NOTE 23 VURDERING AV VIRKELIG VERDI PÅ FINANSIELLE INSTRUMENTER	side	82
NOTE 24 VIRKELIG VERDI AV FINANSIELLE INSTRUMENTER VURDERT TIL AMORTISERT KOST	side	84
NOTE 25 SERTIFIKATER, OBLIGASJONER OG RENTEFOND FORDELT PÅ UTSTEDERSEKTOR	side	84
NOTE 26 FINANSIELLE DERIVATER	side	85
NOTE 27 AKSJER, ANDELER OG ANDRE EGENKAPITALINTERESSER	side	86
NOTE 28 VARIGE DRIFTSMIDLER	side	87
NOTE 29 LEIEAVTALER	side	87
NOTE 30 ANDRE EIENDELER	side	88
NOTE 31 GJELD VED UTSTEDELSE AV VERDIPAPIRER	side	88
NOTE 32 ANNEN GJELD	side	89
NOTE 33 AVSETNINGER	side	89
NOTE 34 GARANTIANSVAR	side	89
NOTE 35 INVESTERINGER I EIERINTERESSER	side	90
NOTE 36 VESENTLIGE TRANSAKSJONER MED NÆRSTÅENDE PARTER	side	91
NOTE 37 HENDELSER ETTER BALANSEDAGEN	side	91
Erklæring frå styret	side	92
Revisjonsberetning	side	93
Vedlegg	side	97
Generalforsamling og tillitsvalde pr. 31.12.2025	side	102
Nøkkeltal	side	103
Historisk rekneskap	side	104

Frå banksjefen

SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken har hatt eit innhaldsrikt år, prega av høg aktivitet og tett kontakt med kundane våre. Vi har lagt til rette for fleire gode møteplassar i året som har gått, og vi har eit godt og breitt samarbeid med næringslivet i Nord-Gudbrandsdalen. Desse arenaene har vore avgjerande for å skape god utvikling for banken, kundane og samarbeidspartnarane våre.

SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken legg fram eit årsresultat for 2025 med eit overskot etter tap og skatt på 168,5 mill. kr. I 2025 hadde banken auka provisjonsinntekter og ein rentenetto på 2,11 %. Banken hadde i 2025 tap på kr 43,2 mill.

Forvaltningskapitalen er ved utgangen av 2025 på 14,0 mrd. kroner inkl. lån overført til Sparebank 1 Boligkreditt, og eigenkapitalen er 1 649,2 mill. kr, som utgjør 15,1 %.

SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein solid bank med god kapitaldekning. Banken har hatt ei god reise gjennom 152 år, der det er bygd kapital over tid – med bakgrunn i at vi eig kapitalen sjølv og ikkje har eksterne eigarar som skal ha utbytte frå resultatet i banken. Vi tek samfunnsansvaret vårt på alvor og gjev mykje attende til lokalsamfunnet. Totalt har vi sett av gåvemidlar på totalt 5 mill. kroner i 2025. Dette er midlar som kjem mange til gode i Norddalen.

Vi står i ein periode prega av usikkerheit og uro, både for privatpersonar og næringsliv. Auka renter og høgare prisnivå gjer kvardagsøkonomien stram for mange hushald, og fleire kjenner på redusert kjøpekraft og større sårbarheit i møte med uventa kostnader. Samstundes møter næringslivet ei krevjande tid med aukande driftskostnader, usikker etterspurnad og skjerpa krav til omstilling. Dette kjem tydeleg fram på fleire marknadsområde, der både investeringstakt og risikovilje har gått ned.

Usikkerheita er òg knytt til eit globalt bilete som stadig endrar seg, med geopolitiske spenningar og svekt økonomisk vekst internasjonalt. For ein lokal bank spelar dette inn gjennom endra rammevilkår, strengare regulatoriske krav og behov for å styrke risikostyringa i møte med eit meir komplekst risikobilete.


I 2025 resultatførte banken tap på til saman 43,2 mill. kroner, nær 6 mill. meir enn året før. Styret og leiinga følgjer situasjonen tett, og er ikkje nøgde med utviklinga i resultatførte tap og balanseførte tapsavsetningar.

Auken skuldast fleire forhold, men det meste skriv seg frå negativ utvikling i den økonomiske situasjonen i nokre få store engasjement innan eigeidom.

Styret har i samarbeid med leiinga sett i verk fleire tiltak for å redusere risikoen i utlånsporteføljen. Eit viktig verkemiddel er tilsetning av kredittsjef, som nå er på plass og inngår i bankens leiargruppe. I tillegg har styret revidert policy for kredittrisiko og vedteke ein handlingsplan for å redusere risikoen i Bedriftsmarknads-porteføljen. Administrerande banksjef har òg varsla styret om at det vil bli gjennomført ytterlegare endringar i organiseringa, slik at banken på ein effektiv måte skal kunne redusere risikoen i Bedriftsmarknads-porteføljen.

Både vi og kundane våre vil sannsynlegvis gå krevjande tider i møte. I slike tider er det ekstra viktig at vi er tilgjengelege for kundane våre gjennom gode samtaler og god rådgjeving. Det er viktig at vi er fysisk til stades gjennom dei fem kontora våre, har god marknadsinnsikt og god kjennskap til kundane. Sidan 1998 har vi vore ein del av SpareBank 1 Alliansen, noko som gjev oss styrke og moglegheit gjennom samarbeid, kompetansedeling og auka effektivitet. Dette blir stadig viktigare i takt med auka krav til spesialkompetanse, kostnadsfokus og resultatkrav.

Vi deltek aktivt i nettverk og samarbeidsprosjekt i Gudbrandsdalen med fleire regionale aktørar, mellom andre Krafttak for Grøn Vekst og Varde Investeringsslag. Vi har òg tett samarbeid med Skjøppå, Innovasjon Noreg, Gudbrandsdal Næringsforening og Skjåk Næringsnettverk. Slike partnerskap er avgjerande for utviklinga av regionen, og vi ønskjer å bidra aktivt på desse arenaene i tida framover.



Unni under kundearrangementet med Lars Monsen i Oslo i april.

Vi er stolte over å kunne vise eit godt resultat for 2025, trass meir krevjande tider og stor usikkerheit på fleire område. Bak dette resultatet ligg ein stor innsats og eit godt samarbeid mellom dei ulike fagområda i Fjellbanken. Takk til dykk alle for god innsats og stort engasjement i året vi har lagt bak oss.

Fjellbanklaget skal òg skape gode resultat og gode kundeopplevingar i tida framover! Det er viktig at vi er til stades i distrikta våre, da det utan denne nærleiken vil bli utfordrande både for privatpersonar og bedrifter å skaffe seg finansiering. Vi har klare mål for ansvarleg og berekraftig bankdrift og ønskjer å byggje ein kultur for berekraftig verksemd, både internt i banken og ut mot kundar og samarbeidspartnarar. Som lokalbank legg vi vekt på nærleik,

kompetanse og god marknadskunnskap, slik at vi på best mogleg måte kan møte kundane våre og vera ein god diskusjonspart.

Eg vil òg takke kundane, samarbeidspartnarane, styret og dei tillitsvalde for eit aktivt og godt år i 2025, og ynskjer alle eit godt år i 2026.

Vår visjon: lokalbanken din – der du er!
Våre verdier: nær – solid – livgjevande!

Unni Strand
Administrerende banksjef

Strategiplan 2023 – 2025

Vi legg no bak oss strategiplanen for perioden 2023–2025 – ei tid prega av store endringar, høg aktivitet og viktig læring for heile organisasjonen. Strategiperioden har gitt oss både solide resultat og tydelege innsikter som vil vere avgjerande når vi skal stake ut kursen for kommande strategiperiode.

Strategiperioden har vore kjenneteikna av sterk utvikling og målretta arbeid. Vi har oppnådd betydeleg vekst i privatmarknaden i Oslo og Akershus, noko som viser at vi har styrkt posisjonen vår i eit konkurranseutsett marknad, og nådd ut til nye kundar med relevante og attraktive tenester. Samtidig har merkevara Fjellbanken blitt ytterlegare styrkt, og arbeidet med kultur, fagmiljø og rekruttering har gjort oss til ein attraktiv kompetansearbeidsplass. Vi har lykkast med å tiltrekkje oss nye medarbeidarar

med viktig kompetanse og stort engasjement. Strategiperioden har òg synleggjort nokre utfordringar. Vi står framleis med høg risiko på bedriftsmarknaden, og banken har hatt høg kostnadsvekst. I tillegg manglar vi ein tydeleg og heilskapleg berekraftsprofil, noko som vil vere eit prioritert satsingsområde i den kommande strategiperioden.

Trass i utfordringane har perioden vist at banken er ein attraktiv allianse- og samarbeidspartnar, med sterk posisjon i regionen og høg relevans for både næringsliv og privatkundar. Med styrkt konkurransekraft, betre innsikt og klarare prioriteringar går vi vidare inn i neste strategiperiode med eit solid utgangspunkt.



Frå samling på Sognefjellet.

Attendeblikk

Samfunnsengasjement

Å vera samfunnsengasjert som lokalbank er ein del av identiteten vår og rolla vi har i lokalsamfunnet. Vi skal vera fysisk til stades og tilgjengelege. 2025 har vore eit spanande år med høg aktivitet, verdifulle erfaringar og meningsfylt arbeid. Gjennom året har vi fått høve til å bidra til at mange kan engasjere seg i aktivitetar dei set pris på. Bak mange av dei tilboda og arrangementa som finst i lokalsamfunnet, ligg det eit omfattande arbeid. Det er godt å vite at vi har bidrege til at konsertar blir gjennomførte, turneringar arrangerte, utstillingar og konkurransar blir ein realitet, at det blir investert i nye instrument, ljøs i grendehusa og at heisane i skibakkane blir haldne i drift.

Fjellbanken har ei tydeleg rolle som drivkraft for utviklinga av levande og berekraftige lokalsamfunn i Nord-Gudbrandsdalen. Vi er alle avhengige av tilflytting, heimflytting og bulyst for å ta vare på og vidareutvikle distriktet vårt.

Levande lokalsamfunn er avgjerande for å sikre framtidig kundegrunnlag for banken i norddalen, og for at Fjellbanken skal halde fram som ein attraktiv arbeidsgjevar lokalt.

I 2025 fekk vi alle oppleve kor viktig lokalt engasjement og dugnadsvilje er for å sikre framtida vår i dalen. Vi har stor respekt for arbeidet som vart lagt ned i etableringa av Jotunheimen privatistskule, og Fjellbanken ønskte å bidra i spleiselaget med ei gåve på inntil 10 millionar kroner, fordelt over tre år. Vidare har Fjellbanken gjeve til saman 4,15 millionar kroner til utviklinga av Hjerleid handverksskule og Senter for bygdekultur. Desse midlane støttar både vidareutvikling av bygningsmassen og nye utdanningstilbod knytt til tradisjonshandverk og kulturarv – kompetanse som står sterkt i regionen og som gjev ringverknader for næringsliv, arbeidsplassar og kulturformidling.



Utdeling av midlar til Hjerleid handverksskule. Unni Strand, Erik Lillebråten, Helle Hundevadt, Even Hansen og Kristin Nygård Lonbakken.



Frå opninga av Jotunheimen privatistiskule. Foto: Hans Erik Kjosbakken/Fjuken.

Oversikt interessantar

Både delar

Kundar
Tilsette
SamSpar

Berørte
interessantar

Lokalsamfunnet
Naturen, klima og miljø

Rapporten
går til

Styret
Investorar
Samarbeidspartnarar
Konkurrentar
Framtidige tilsette
Tilsyn, styresmakter og media

Fjellbanken gjennomførte i 2025 ei interessentanalyse, og resultatet er illustrert. Analysen gjev moglegheiter for å kommunisere enklare og forstå betre kven interessentane våre er, og korleis banken kan arbeide for å sikre at vi er i tråd med forventningane.

Berørte interessantar er enkeltpersonar eller grupper der interessa blir påverka, eller kan bli påverka, positivt eller negativt, av verksemda sine aktiviteter. Brukarar av rapporten er dei som les generell finansiell rapportering – typisk investorar og styresmakter – men òg til dømes forretningspartnarar og ikkje-statlege organisasjonar.

Aktivitet gjennom året

Kundearrangement i Oslo

Fjellbanken inviterte kundane i Oslo og omland til eit kundearrangement der Lars Monsen heldt innlegg. Formålet var å møte kundane fysisk og få høve til gode samtalar.

Open bakke

På Lemonsjøen, Dombås og Grotli arrangerer vi gratis skidag for alle som ønskjer å stå på ski. Det er svært gledeleg å sjå kor mange som deltek kvart år.

Årets russ kjem innom

I Lom, Vågå og på Dombås samlar vi kvart år ei gruppe russ til pizza og brus. Formålet er å gje dei råd og kunnskap som er gode å ha med seg inn i vaksenlivet.

Fjelltur saman med DNT

Kvart år arrangerer vi felles fjelltur saman med vår samarbeidspartnar DNT Oslo og Omegn. I år gjekk turen til Leirvassbu i samband med 150-årsmarkeringa deira.

Sparekveld Vågå Kulturhus

Vi inviterte til ein kveld med nyttig informasjon om sparing, enkel servering og hyggeleg stemning saman med kundane våre.

Sparebankveka

Den siste veka i oktober kvart år har vi fokus på sparing, særleg blant dei yngste. Ein av dagane held vi banken open utover kvelden med servering og aktivitetar for barn og unge. Å lære kvar pengane kjem frå, og kor viktig det er å starte sparing tidleg, legg eit godt grunnlag for gode økonomiske vanar seinare i livet.

Landbrukstreff

Dette er eit viktig treffpunkt for yrkesgruppa. Med tanke på tida vi er inne i når det gjeld til dømes matberedskap, er også slike treff viktige. På desse kveldane fekk vi også presentert dei tilsette som skal arbeider med landbruk i banken.

Julemiddag for næringslivskundane

Det var stor oppslutning, nydeleg mat og god stemning. I tradisjon tru vart næringsstipend delt ut på dette arrangementet også i år. Stipend gjekk både til nyetableringar og til dei som har vidareutvikla regionen vår.

Merkevara Fjellbanken er viktig

Gjennom fleire år har vi bygd opp merkevara Fjellbanken, og det er ikkje utan grunn.

Dette er eit strategisk val for å kunne veksek. Då må vi skilje oss ut i eit bankmarknad der dei fleste bankane i stor grad liknar kvarandre – og alle tilbyr stort sett dei same produkta og tenestene.

Kvifor skal folk bli kunde i Fjellbanken?

Det er her arbeidet med merkevarebygging kjem inn. Kva ønskjer vi å vera for kundane våre, og kvifor finst vi? I Fjellbanken skal vi vera nære, ekte, ujølete og dyktige. Vi skal vera tilgjengelege og bidra til at det veks rundt oss.

Vi skal vera ein sjølvstendig bank, noko som betyr at det berre er vi sjølv som bestemmer kva vi skal gjera – til det beste for folk og bedrifter i Nord-Gudbrandsdalen. Her kjem satsinga i Oslo og samarbeidet med DNT inn. For å klare å vekse må vi ha ei sterk merkevare som skil seg ut, og som leverer det kundane ønskjer.

Framtidsutsikter

Rett før juleferien starta, signerte vi ei ny og forlenga avtale med samarbeidspartnar DNT Oslo og Omegn. Avtalen gjeld for seks nye år. Dette samarbeidet er svært viktig for å sikre vekst i ei målgruppe vi veit ferdast mykje i fjellheimen vår, som er glade i natur og som deler mange av verdiane våre.

I tillegg får vi vera med å bidra til at hyttene til DNT Oslo og Omegn i området vårt blir vidareutvikla og fornya i tråd med krav frå både dagens og morgondagens brukarar. Det vil bidra til at enda fleire finn vegen inn i den vakre fjellheimen vår.

Samfunnsrekneskap

SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein stor arbeidsgjevar. Medrekna skatt betalt av dei tilsette, bidreg banken med over 66 mill. kroner i skattar og avgifter. Når vi reknar med gáver, stipend og sponsormidlar, er det samla bidraget frá bankaktivitetane i 2025 på 82,4 mill. kroner.


Dei fem siste ára har banken betalt over 44,5 mill. kroner i gáver, stipend og sponsormidlar.

Ønskjer du á sjá kven som fekk tildelt gáver og sponsormidlar i 2025? Sjå vedlegg.




Lansering av banken som hovudsamarbeidspartnar til Landsskytterstevnet 2026 på Lesja.
Frå venstre: Unni Strand, Kristin N Lonbakken, Tore Utgaard og Ola Ulfby Bottheim.

Gåver, stipend og sponsormidler



Samfunnsrekneskap



Bedriftsmarknaden (BM)

I 2025 har arbeidet vårt vore retta mot å følgje opp kundane i dei ulike bransjane og deira behov for finansiering i form av lån og leasing. I tillegg gjev vi tilbod på forsikring, pensjon, sparing og plassering. Einskilde verksemder har i 2025 auka sparinga i obligatorisk tenestepensjon for sine tilsette som eit element i lønnsoppgjeret.

Fleire av kundane våre har fått merke krevjande tider med låg etterspurnad og auka prisar. Til dømes har etterspurnaden etter hyttetomter vore mykje lågare enn tidlegare år. Det har vore fleire som treng bistand, og vi har teke i bruk verkemiddel som gardsråd i landbruket. Gardsråd er samhandling der bankrådgjevar, rekneskapsførar og produksjonsrådgjevar saman har gjennomgått drift og likviditetssituasjon for å hjelpe gardbrukarar gjennom utfordringane. I andre bransjar har det vore behov for rådgjeving og tett dialog mellom verksemd og bank for å leggje til rette for endringar i kontantstraumen.

Gjennom 2025 har bankutlån til fast eigedom gått ned. Landbruket har, som naturleg er i området vårt, teke plassen som den største næringa i bedriftsmarknaden. Vi møter fleire unge gardbrukarar med framtidstru. Enkelte er nyetablerarar som kjøper seg gard, andre tek over familie-garden frå foreldre. Nye krav til driftsbygningar vil nok føre til færre aktive bruk i åra framover.

Vi ser ikkje nokon risiko knytt til landbruksareala. Dei vil bli haldne i hevd gjennom forproduksjon for sal eller ved utleige til andre gardbrukarar. Prosjekt i regi av kommunar, nytt slakteri, nybygg og renovering hjå utleigarar og private turist-verksemder har sikra sysselsetting for ulike lokale entreprenørar i 2025.

I 2025 har fleire store prosjekt innan vegvedlikehald, bygging av nye vegar og bygging av fast eigedom vore ute på anbod. Banken sine lokale kundar har vunne anbod. Dette sikrar arbeidsplassane hjå lokale verksemder framover, og gjev ringverknader ved kjøp av varer frå lokale verksemder og avtaler om tenestelevering som underentreprenør.

Bedriftsmarknadsavdelinga skal i 2026 vidareføre målsettinga om å vera med som drivkraft for næringslivet i primærmarknadsområdet. Vi skal arbeide for eksisterande og nye kundar, vera aktive og gje vårt bidrag der næringslivet møtest. Vi skal arbeide for relevant rådgjeving knytt til skiftande etterspurnad og krav. Fjellbanken skal gje tilbod på finansiering med mål om å styrke sysselsetting, auke aktiviteten gjennom nye investeringar der ein tek omsyn til det grøne skiftet. På same tid skal vi gje tilbod knytt til sparing, plassering, forsikring og pensjonsløysingar til næringsverksemdene.

Tema (kronebeløp i heile 1000)	2025	2024	Endring i %
Talet på kundar	2.984	2.948	1,2 %
Kroner i utlån	3.779.234	3.764.150	0,40 %
Kroner i innskot	2.695.347	2.539.742	6,1 %
Bedriftsrådgjevar	6	5	20 %
Leasing og salspantlån	89.321	64.019	39,5 %



Banken på bedriftsbesøk hjå Juvasshytta og Galdhøpiggen sommarskisenter. Per Arne Vole, Silje Stee Vole og Gunnar Grindstuen.

Privatmarknaden (PM)

Året 2025 har òg vore prega av sterk konkurranse i bankmarknaden. Det er høg kundemobilitet i bustadmarknaden, og konkurransen om låne-kundane i privatmarknaden har auka ytterlegare.

På betalingsområdet har vi styrkt konkurranse-krafta vår gjennom innføringa av både Apple Pay og «Vipps-Tæpp», som var viktige leveransar for å møte forventningane i marknaden og posisjonere oss på line med andre bankar. Samstundes har vi skjerpa beredskapsfokuset vårt betydeleg – eit nødvendig grep i ei stadig meir uroleg verd, der robustheit og kontinuitet i betalingstenestene er avgjerande.

Fjellbanken har i 2025 halde fram med god utlåns-vekst i privatmarknaden. Veksten ligg godt over marknadsveksten, i tråd med strategien om å vekse 3,5 % meir enn marknaden. Hovuddelen av veksten har vi henta frå Oslo og omland, og ein vesentleg del kjem frå DNT- og LO-lån. Vi opplever at vi treffer ei attraktiv kundegruppe gjennom merkevara Fjellbanken, og kundane våre kjenner seg att i verdiane våre: Nær, Solid og Livgjevande. Banken ønskjer å vere til stades for kundane sine gjennom god rådgjeving og personleg service, i tillegg til å tilby gode produkt og sjølvbetente verkøy.

I 2025 vart det selt 9,4 % fleire bustader i Noreg enn i 2024. Bustadprisane steig med 5 % i 2025. Omsetningstida låg på 70 dagar i desember – marginalt under året før. Heimemarknaden vår ligg i Innlandet fylke. Der har omsetningstida vore på 119 dagar, med ein moderat prisvekst på 4,7 %. Marknaden for nye bustader er framleis svak og prega av få igangsettingar.

Marknaden forventar at 2026 vil vera på nivå med 2025, og at det vil koma 1–2 rentekutt gjennom året frå Noregs Bank. Det er venta få igangsettingar og ferdigstillingar av nye

bustader i Noreg, og for Oslo vil sal av utleige-bustader vere viktig og avgjerande.

Innskotsutviklinga har vore solid. Uro på børsen tidleg på våren, kombinert med relativt høge innskotsrenter, har ført til at mange har valt bank-sparing. Likevel har fondsplattforma opplevd god aktivitet, med ein auke på 8 % i total beholdning. Talet på fondskundar veks i alle aldersgrupper, og særleg ser vi ei positiv utvikling blant dei yngre kundane.

Rask respons og relevant rådgjeving i første-leddet har vore viktig for banken å tilby kundane sine, og slik vil det òg vera framover. Svartida på telefon inn til kundesenteret har vore tilfreds-stillande låg i 2025. Tilbakemeldingar viser at kundane er godt nøgde med den korte svartida, og at dei får prate med ein person ved første kontakt. Talet på registrerte drop-in viser òg kor viktig nærleik og tilgjenge til lokalbanken er.

Gjennom vårt eigarskap i Finans Midt-Norge har vi finansiert 384 køyretøy i 2025, totalt 79,86 millionar kroner – ein auke på 29 % frå fjoråret. Banken har òg opplevd god auke i salet av private skade- og personforsikringar for Fremtind Forsikring i 2025. Kundane set stor pris på tilgang til dyktige råd-gjevarar, gode tekniske løysingar i nett- og mobilbank, og den gode oversikta dei får ved å samle bank og forsikring på ein stad.

Fjellbanken har eit sterkt og kompetent råd-gjevarteam. Vi har lykkast i å behalde erfarne råd-gjevarar, og gjennom året har fleire dyktige tilsette kome til. Banken er godt rusta, og har ambisjonar og forventningar om vidare vekst i 2026 – mellom anna gjennom merkevara Fjell-banken. For banken er det viktig å vera relevant i møte med kundane gjennom personleg og god rådgjeving, og å tilby gode, sjølvbetente løysingar og konkurransedyktige produkt.

Tema (kronebeløp i heile 1000)	2025	2024	Endring i %
Talet på kundar	21.675	21.281	1,9 %
Kroner i utlån	5.083.760	4.745.002	12,2 %
Kroner i innskot	5.385.866	4.805.909	12,1 %
Antall drop-in	15 474	15 026	3,0 %
Prosentdel telefonar besvart innan 90 sekund – målet er 90 %	85 %	80 %	6,3 %
Snitt-tid samtale	39 sekund	43 sekund	-9,3 %



Kundearrangement med Lars Monsen på Håndverkeren i Oslo. Banken sine representantar under arrangementet med Monsen i midten.

Utvalde nøkkeltal

Tal i tusen kroner	2025	2024	2023	2022	2021
Lønnsomhet					
Rentenetto	2,11 %	2,48 %	2,41 %	1,99 %	1,43 %
Rentenetto inkl. Boligkreditt	1,72 %	1,98 %	1,94 %	1,68 %	
Driftskostnader i % av gj. forv.kapital	1,46 %	1,60 %	1,56 %	1,44 %	1,51 %
Driftskostnader i % av sum driftsinntekter, eks. verdiendringer	53,35 %	52,83 %	52,78 %	50,59 %	56,65 %
Driftskostnader i % av sum driftsinntekter, eks. finansielle poster	56,46 %	54,55 %	54,00 %	56,86 %	73,21 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt	10,47 %	12,17 %	7,43 %	6,18 %	8,37 %
Balansetall					
Forvaltningskapital	10.902.260	10.040.513	9.074.889	8.493.906	8.057.200
Forvaltningskapital inkl. BK	14.022.531	12.756.115	11.648.390	10.761.274	9.971.851
Endring forvaltningskapital inkl BK	9,93 %	9,51 %	8,24 %	7,92 %	12,25 %
Brutto utlån (til kunder)	8.862.994	8.377.177	7.080.107	7.104.694	6.607.679
Brutto utlån (til kunder) inkl. BK	11.983.265	11.092.779	9.653.608	9.372.062	8.522.330
Brutto utlån PM inkl. BK	8.098.991	7.218.539	5.954.571	5.966.073	5.593.325
Brutto utlån BM inkl. BK	3.884.274	3.874.240	3.698.556	3.405.484	2.927.668
Utlånsvekst PM inkl. BK	12,20 %	21,23 %	-0,19 %	6,66 %	11,61 %
Utlånsvekst BM inkl. BK	0,26 %	4,75 %	8,61 %	16,32 %	6,71 %
Utlånsvekst inkl. BK	8,03 %	14,91 %	3,00 %	9,97 %	9,89 %
Innskudd fra kunder	8.081.212	7.345.650	6.820.836	6.301.801	6.048.761
Innskudd BM	2.695.347	2.539.742	2.226.030	2.244.925	1.991.700
Innskudd PM	5.385.866	4.805.909	4.594.806	4.056.877	4.057.061
Innskuddsvekst	10,01 %	7,69 %	8,24 %	4,18 %	16,31 %
Innskudd i % av utlån	91,18 %	87,69 %	97,06 %	89,40 %	91,86 %
Innskudd i % av netto utlån inkl. SB1 Boligkreditt	68,50 %	67,19 %	71,59 %	68,12 %	71,64 %
Avsetning til tap i % av brutto utlån	1,12 %	0,92 %	0,76 %	0,92 %	0,85 %
Andel lån i trinn 3 i % av brutto utlån (inkl BK)	4,49 %	2,28 %	1,49 %	1,86 %	2,09 %
Soliditet					
Kapitaldekning	28,89 %	25,46 %	22,08 %	22,03 %	21,83 %
Kjernekapitaldekning	27,16 %	23,75 %	22,08 %	22,03 %	21,83 %
Rein kjernekapitaldekning	27,16 %	23,75 %	22,08 %	22,03 %	21,83 %
Uvekta kjernekapitalandel	13,99 %	13,58 %	12,19 %	12,18 %	11,99 %
Rein kjernekapitaldekning, konsolidert	22,88 %	20,32 %	21,17 %	21,38 %	21,54 %
Kjernekapitaldekning konsolidert	23,05 %	20,51 %	21,31 %	21,57 %	21,74 %
Kapitaldekning, konsolidert	24,73 %	22,27 %	21,53 %	21,80 %	21,97 %
Uvekta kjernekapitalandel konsolidert	10,40 %	10,04 %	10,23 %	10,40 %	10,53 %
Likviditet					
LCR	170 %	191 %	189 %	190 %	181 %
Ikke finansielle nøkkeltall					
Antall ansatte	81	74	67	64	62
Tal på årsverk	77	73	66	63	60

Årsmelding frå styret

Om Fjellbanken

SpareBank 1 Lom og Skjåk vart stifta 27. mai 1873 og opna 2. januar 1874. Banken hadde eit opphavleg grunnfond på kr 1 200, som var gjeve av Lensmann Staff med kr 800 og Lom kommune og Skjåk kommune med kr 400.

I dei første vedtektene for banken står det i §1: "Sparebankens Formål er at modtage Penge af Personer af begge Kjøen, i Særdeleshed af Arbeids- og Tjenestefolk, og at gjøre samme frugtbringende for Eierne ved Beregning af Renter og ved at lægge Renterne til Kapitalen..." Dette viser at ein i utgangspunktet etablerte sparebanken for å ta imot innskot, og for å ha eit sosialt og oppdragande formål.


Sidan etableringa for over 150 år sidan har Lom og Skjåk Sparebank/SpareBank 1 Lom og Skjåk utvikla seg til å bli ein solid lokalbank med kontor i Lom, Bismo, Vågåmo, Dombås og Oslo, der formålet kan oppsummerast med å vera bygdeutviklar.

Banken har stått støtt som sjølvstendig bank igjennom over 150 år, og det ligg framleis i bankens sin strategi å vera ein sjølvstendig lokalbank. SpareBank 1 Lom og Skjåk har vore ein del av Sparebank 1 Alliansen sidan 1998.



Figuren over illustrerer Sparebank 1 Lom og Skjåk si verdikjede. Verdikjeda er summen av aktivitetar, ressursar og samarbeid som blir nytta for å skapa produkt og tenester.

Eigarstyring og selskapsleiing



Generalforsamlinga

Det øvste organet i SpareBank 1 Lom og Skjåk er generalforsamlinga. Generalforsamlinga er samansett av 12 medlemmer og fire varamedlemmer, der ni medlemmer og tre varamedlemmer er valde av og blant kundar i banken. Resten av medlemmene blir valde av

og blant dei tilsette. Generalforsamlinga har etablert ein uavhengig valkomité som innstiller på kandidatar til generalforsamling og styre i banken, utanom representantane valde av og blant dei tilsette. Vedtektene i banken vart sist endra 14.03.2024, og vedtektene er offentleggjorde på heimesida til banken.

Styret	Tittel	Stilling
Hans Ivar Kolden	Styreleiar sidan 2015, og leiar felles risiko og revisjons- og godtgjeringsutval	Konsernsjef AS Eidefoss
Karin Bing Orgland	Nestleiar i styret sidan 2024	Dagleg leiar Røisheim Eiendom AS og Berghammeren AS
Simen Kvamme Repp	Styremedlem sidan 2022	Leiar for Strategi og analyse i SpareBank1 Gruppen
Heidrun Reboli Marstein	Styremedlem sidan 2023	Dagleg leiar Bakeriet i Lom AS
Hjørdis Sletten Tilsettevald	Styremedlem sidan 2019	Finansrådgjevar Privatmarknad
Sigbjørn Oppheim Tilsettevald	Styremedlem sidan 2015	Seniorrådgjevar Bedrift og hovudtillitsvald

Forvaltninga av banken er styret sitt ansvar. Dei fire eksterne medlemmene blir valde av generalforsamlinga. Dei to andre medlemmene blir valde av og blant dei tilsette.

Styret skal sørgje for ei forsvarleg organisering av banken, med ansvar for å etablere kontrollsystem og sikre at verksemda blir driven i samsvar med gjeldande lover, vedtekter og forskrifter.

Dei etiske retningslinene i banken er gjennomgått og godkjent i styret. Retningslinene er formidla til dei tilsette, og er tilgjengelege på heimesida til banken.

SpareBank 1 Lom og Skjåk har utarbeidd eigen styreinstruks. Instruksen skal sikre tillit til styret og leiinga og leggje grunnlaget for langsiktig verdiskaping til beste for banken, tilsette og andre interessentar. Styreinstruksen blir evaluert årleg, og vart sist revidert av styret 24.04.2025, utan vesentlege endringar.

Styret har etablert eit felles risiko- og revisjonsutval og eit godtgjeringsutval. Banken har eigen fagansvarleg risk og compliance, som rapporterer direkte til styret.

Styret og leiande tilsette er omfatta av den løpande styreansvarsforsikringa.

Forsikringa er plassert i forsikringsselskap med solid kredittrating.

Leiargruppa

I første kvartal slutta Emil Inversini, og Line Sagsletten Bakken gjekk inn som leiar for kundar og marknad. Ho kom frå rolla som teamleiar for Kreditt PM.

Leiargruppa har i tillegg vorte utvida med leiar for bedriftsmarknad Gunnar Grindstuen og kredittsjef Iren Nystuen. Sistnemnde har ei nyoppretta rolle i banken, og dei siste endringane er viktige verkemiddel for å redusere risikoen i utlånsporteføljen til banken.

Kontinuerleg organisasjonsutvikling er avgjerande for å vareta banken som ein sjølvstendig lokalbank, og det blir gjort løpande tilpassingar i organiseringa. Dette arbeidet held fram i 2026.

Sosiale forhold

Eigne tilsette

Dei ansatte er bankens viktigaste ressurs, og difor har banken strategifesta mål om å vera ein attraktiv kompetansearbeidsplass. Vi ser at omstillingsevne og kontinuierleg utvikling er avgjerande for å møte kundane i framtida, og for å styrkje konkurransekrafta til banken. Difor er oppdatert fagkompetanse og digital kompetanse, kombinert med endringsevne, viktig for dei tilsette både nå og i framtida.

Strukturert kompetanseutvikling legg til rette for dette. Samstundes er arbeidsoppgåvene, nye verktøy og system, i tillegg til kontinuierlege endringar og oppdateringar, ein god læringsarena for kvar enkelt medarbeidar. Ein stor del av utviklinga og læringa skjer i det daglege. Dette byggjer på ein god læringskultur og medvit om kva og korleis ein lærer. Systematisk kunnskapsdeling er ein viktig del av dette.

Målretta arbeid med kultur og kompetanse er avgjerande både for å behalde viktig kompetanse og for å rekruttere personar med ønskt

kompetanse, erfaring og personlege eigenskapar. Skil regionen lykkast med å trekkje til seg kompetanse, er vi avhengige av å arbeide langsiktig saman, på tvers av næringar og kommunegrenser. Dette ønskjer Fjellbanken å vera ein aktiv del av.

Likestillingsarbeid

I tråd med likestillings- og diskrimineringslova pliktar banken å arbeide aktivt for å fremje likestilling og hindre diskriminering på arbeidsplassen. Diskriminering er det same som usakleg forskjellsbehandling og vil vera i strid med arbeidsmiljølova. SpareBank 1 Lom og Skjåk skal arbeide målretta for å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, seksuell orientering, nedsett funksjonsevne, etnisk opphav, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Fjellbanken ønskjer å spegle samfunnet vi er ein del av. Det er eit mål at både kjønn skal vere balansert representerte blant dei tilsette.

Det blir lagt vekt på kompetanse og eigenskapar i utvalsprosessar, utan omsyn til kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, legning, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk. Tilsettingar blir fatta av fire medlemmar i tilsettingsutvalet, noko som reduserer risikoen for diskriminering i tilsettingsprosessar.

Opplæring og kompetanseutvikling

Som følgje av nye oppgåver og nye måtar å utføre prosessar på, skal kompetanse utviklast etter kvart som behov oppstår. Tiltaka er både å utvikle dei tilsette banken allereie har, og å

rekruttere nye medarbeidarar. Ved behov blir det gjort løpande justeringar.

Vidare har banken avtale med Trainee Innlandet og Internship Gudbrandsdal, med formål om å tiltrekke seg og behalde god kompetanse i banken sitt marknadsområde, samstundes som banken tilbyr spennande arbeidsoppgåver som gir verdifull erfaring.

I 2025 hadde vi fire studentar som hadde internship gjennom sommaren, og tre studentar som arbeidde deltid ved sida av studia.

Antall autoriserte/hvilende/under autorisering	2025
Skadeforsikring PM	6
Skadeforsikring BM	3
Personforsikring PM	5
Personforsikring BM	3
Sparing og plassering	7
Kreditt	22

Utgreiing om likestilling mellom kvinner og menn

Tilsettingsform	Fast tilsetting	Mellombels tilsetting	Faktisk deltid	Ufrivillig deltid
Kvinner	45	3	5	0
Menn	32	1	4	0
Totalt	77	4	9	0

Per 31.12.25 hadde Fjellbanken totalt 81 tilsette, der 77 er fast tilsette og 4 er mellombels tilsette. 9 av dei 77 fast tilsette arbeider deltid.

Mangfalds-indikator	Tilsette	Leiinga	Mellomleiarar med personalansvar	Styret
Kvinner	48	5	6	3
Menn	33	2	3	3
Totalt	81	7	9	6

Banken har 59 % kvinner og 41 % menn.

Aldersfordeling	Alle tilsette		Leiinga		Styret	
	2025	2024	2025	2024	2025	2024
Under 30 år	15	7	0	0	0	0
30 til 50 år	36	38	4	3	2	2
Over 50 år	30	29	3	2	4	4
Totalt	81	74	7	5	6	6

Banken opplever aldersfordelinga som tilfredsstillande. 19 % er under 30 år, 48 % er mellom 30 og 50 år, medan 33 % er over 50 år. Den sterkaste veksten i 2025 var i aldersgruppa under 30 år, med meir enn ei dobling frå året før.

Kvinner sin del av menn sin lønn er oppgjeven i prosent	Sum kontant- yttingar	Kontantyttingar i prosent			
		Fastlønn	Uregelmessige tillegg	Kollektiv resultatdeling	Overtids- godtgjesler
Totalt	91 %	95 %		75 %	31 %
Leiarar	90 %	103 %		100 %	12 %
Rådgjevarar	98 %	97 %		112 %	96 %
Kundesenteret og kredittstøtte	94 %	96 %		85 %	31 %
Spesialistar og øvrige stabsfunksjonar	92 %	96 %		67 %	48 %

I tabellen over er dei som er med i utrekningane, leiarar på alle nivå. Rådgjevarar er kundesenterleiarar på bedriftsmarknad, privatmarknad og forsikring. I utrekningane for spesialistfunksjonar inngår òg medarbeidarar utan fagansvar eller spesialistfunksjon.

Korleis Fjellbanken samhandlar med dei tilsette

SpareBank 1 Lom og Skjåk er, som andre bankar i Noreg, bygd opp med strukturar og avtaler som legg eit godt grunnlag for medverknad. Tilsette sin rett og moglegheit til å medverke er eit beregningssjans i den nordiske arbeidsmodellen.

Tariffavtaler og organisering

Fjellbanken er tilslutta finansavtalene i finansnæringa, som er framforhandla mellom Finans Norge (NHO) og Finansforbundet. Lokalt i banken er det framforhandla ei bedriftsavtale som gjeld for alle tilsette, både dei som er organiserte i fagforeiningar og dei uorganiserte. Bedriftsavtala er tilgjengeleg for alle tilsette på banken sitt intranett.

81,5 % av dei tilsette i banken er organiserte i Finansforbundet. I tillegg har banken tilsette som er medlemmer i andre fagforeiningar. Banken har oversikt berre over organisasjonsgraden for medlemmene i Finansforbundet.

Møteplassar for medverknad

Tariffavtalene stiller krav om møteplassar for medverknad. I banken er desse organiserte slik:

- Fellesutvalet har møte fire gonger i året. Deltakarar er alle tillitsvalde inkludert hovudtillitsvald, hovudverneombod og delar av leiinga, inkludert administrerande banksjef. Referat frå møta tilgjengeleg for tilsette.

Fellesutvalet følgjer eit årshjul med tema som medarbeidartilfredsheit, sjukefråvær, planlegging av vernerunde, lokalt lønnsoppgjer, og andre relevante personalsaker.

- Tilsettingsutvalet har møte ved tilsetting av nye medarbeidarar i banken. Deltakarane er hovudtillitsvald, tillitsvald, HR-leiar og administrerande banksjef.

HMS-arbeidet

Arbeidsmiljølova stiller krav om medverknad i arbeid som gjeld tilsette sitt arbeidsmiljø. Dette er ivareteke på fleire måtar. Banken har avtale med godkjend bedriftshelseteneste. HMS-handlingsplanen blir utarbeidd saman med Bedriftshelsetenesta og består av målsettingar og tiltak for det samla HMS-arbeid til banken. Handlingsplanen blir vedteken i Fellesutvalet, og er tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet.

Varslingskanalar

Banken har eigne rutinar for varsling av kritikkverdige forhold. Dette omfattar alle former for trakassering og uønskt åtferd – som mobbing, seksuell trakassering, diskriminering, kriminelle forhold og situasjonar der liv og helse er i fare. Varsel som blir mottekne, blir kvalitetssikra og vurderte før vidare formidling til varslingsgruppa i banken.

Arbeidsmiljø

Banken har som mål å vere ein attraktiv og inkluderande arbeidsplass for medarbeidarar i alle aldersgrupper og livsfasar. Banken legg til rette for god balanse mellom arbeid, heim og fritid for alle tilsette. Alle medarbeidarane er omfatta av eit system for arbeidsmiljøstyring.

Sjukefråvær		
	2025	2024
Kvinner	3,56	3,86
Menn	0,64	2,02
Totalt	2,16	2,96

Banken har som mål å ha eit sjukefråvær under 3 %. Blant kvinner ser vi at vi ligg noko over målet, medan vi blant menn ligg langt under. Totalt sett ligg vi under 3 %.

Foreldrepermisjon	
Kvinner	5
Menn	2
Totalt	7

Alle i banken har rett på foreldrepermisjon. I 2025 var det totalt sju tilsette som nytta seg av denne ordninga.

Turnover	2025
Frivillige oppseiingar i perioden	5
Oppseiingar i perioden	0
Pensjoneringar i perioden	3
Dødsfall i perioden	0
Har fråtredd av andre grunnar	0
Sum, slutta i perioden	8

I 2025 slutta åtte tilsette i Fjellbanken, enten ved frivillig oppseiing eller ved pensjonering. Den samla turnoveren i 2025 er 10 %. Ifølgje Finans Norge ligg turnoveren generelt på rundt 10–12 % for finansnæringa, noko som betyr at banken ligg på snittet for bransjen.

Openheitslova

Fjellbanken er underlagt krav om å rapportere på openheitslova. Utgreiinga for 2025 finn du heilt bakerst i berekraftsrapporten.

Godtgjering og godtgjeringsutval

Styret i SpareBank 1 Lom og Skjåk fastset lønn og andre godtgjeringar til administrerande banksjef. Administrerande banksjef blir delegert mynde til å fastsetja lønn og anna godtgjering til både leiarar og andre tilsette.

Lønssystemet i banken er regulert av Sentralavtalen, Hovudavtalen og Bedriftsavtalen i banken. Årleg lønnsregulering blir fastsett av administrerande banksjef etter drøfting i tilsettingsutvalet.

Godtgjeringsutvalet er representert med tre medlemmer frå styret i banken. Av desse skal minst ein av medlemmene vera representant for dei tilsette: styreleiar, nestleiar, tilsettevald styremedlem. Utvalet skal på fritt grunnlag vurdere godtgjeringsordninga i føretaket, og skal førebu alle sakene som skal handsamast av bankstyret.

Det vart i 2025 halde to møte i godtgjeringsutvalet. 22.01.25 behandla utvalet Rapport om praktisering av godtgjersleordninga for 2024, erklæring om løn og annan godtgjersle til leiande tilsette og overskotsdeling for 2024. 28.02.25 behandla godtgjeringsutvalet kriterium for overskotsdeling for 2025. Gjeldande interne retningslinjer for godtgjersler vart reviderte og vedtekne av styret i SpareBank 1 Lom og Skjåk 21.06.2018, styrevedtak 71/18.

Godtgjersleordninga blir gjennomgått årleg av internrevisoren i banken. Internrevisor i 2025 var EY.

Resultat

Gode føresetnader til framleis drift

Styret i banken stadfestar at alle føresetnadene for vidare drift er til stades, og årsrekneskapen er avlagd under desse føresetnadene. Slik styret ser det, er det etter årsslutt ikkje skjedd noko som krev fleire kommentarar.

Rapportering etter IFRS

Rekneskapen er sett opp etter IFRS med mindre noko anna følgjer av årsrekneskapsforskrifta.

Resultatrekneskapen

Resultatet etter tap og skatt vart i 2025 168,5 mill. kroner før andre inntekter og kostnader. Etter andre inntekter og kostnader er resultatet 167,7 mill. kroner. For samanlikning med tidlegare år viser vi til nøkkeltalsrapporten. Prosenttal er utrekna av gjennomsnittleg forvaltningskapital, dersom ikkje anna er kommentert.

Styret gjer framlegg om slik disponering av overskotet til banken:

Kr 5 000 000 til gåver.

Kr 162 680 571 blir overført til fondet i banken.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er hovudbidraget til det totale dekningsbidraget i banken, og utgjorde 225,7 mill. kroner, ein reduksjon frå året før på 7,6 mill. kroner. Rentenetto utgjør 2,11 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, tilsvarande førre året var 2,48 %. Reduksjonen i rentenetto kan i stor grad forklarast med at Norges Bank har sett ned rentene to gonger i løpet av 2025, og at vi har hatt ein stor innskotsauke.

Utbytte

Vi mottok utbytte og andre inntekter av eigenkapitalposisjonar på 16,1 mill. kroner. Samarbeidende Sparebanker AS og SpareBank 1 Samspar AS blir bokført etter eigenkapitalmetoden i balansen. Utbytte vi mottek, blir ført mot verdiendring i selskapet. Sparebank 1 Lom og Skjåk sin resultatdel for desse selskapa i 2025 utgjør 36,7 mill. kroner. I 2024 utgjorde dette 47,6 mill. kroner.

Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

Gebyr- og provisjonsinntekter vart på 57,6 mill. kroner, som utgjør 0,54 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2024 var tilsvarande tal 47,6 mill. kroner og 0,51 %. Provisjonsinntekter frå SpareBank 1 Boligkreditt utgjør 9,0 mill. kroner av dette, ein auke frå 4,8 mill. kroner frå 2024. Vi har ein bra auke i gebyrinntekter frå betalingsformidling, sparing og frå forsikring. Det er lita endring i dei andre provisjonsinntektene.

Finansielle postar

Bokført endring i verdipapira og andre finansielle instrument viser for 2025 positiv resultateffekt med 69,6 mill. kroner. Av dette gjeld positiv verdiendring på fastrenteutlån 6,6 mill. kroner, positive verdiendringar og gevinstar på eigenkapitalinstrument 42,7 mill. kroner. Av dette utgjør gevinst ved sal av aksjar i Samarbeidende Sparebanker AS 35,6 mill. kroner. Positive verdiendringar og gevinstar på renteberande verdipapir er på 23,3 mill. kroner, medan verdiendringar på renteswappar gjev ein negativ resultateffekt på 3,0 mill. kroner.

Driftskostnader

Dei samla driftskostnadane, inklusive ordinære avskrivningar, er på 1,45 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. I 2024 var driftskostnadene på 1,60 %. Kostnadsprosenten er på 56,46 % eksklusive finansielle postar, ein auke frå 54,55 % i 2024.

Kostnadsnivået i banken er vurdert som tilfredsstillande. Styret har løpande søkelys på kostnadseffektiv drift av banken for å oppnå gode økonomiske resultat.

Tap

Resultatførte tap utgjør 43,2 mill. kroner. Auke i tapsavsetningar, utgjør 32,0 mill. kroner. Auken skuldast fleire forhold, men det meste skriv seg frå negativ utvikling i den økonomiske situasjonen i nokre få store engasjement innan eigedom.

Rundt 13 mill. kroner av resultatførte tap i 2025 gjeld PM, der banken har valt å setje av ein stor del av engasjementet knytt til nokre få kundar

som har hatt langvarig kundeforhold i banken. Banken har tett dialog med desse kundane for å sikre ei berekraftig utvikling for alle interessentar og for å redusere tapa for banken. I første kvartal gjekk ein kunde konkurs, noko som påførte banken eit tap på 8,2 mill. kroner. Tapet tilsvara tidlegare avsetningar, og det har ikkje vore konkursar som har påført banken vesentlege tap i 2025 utover dette.

Banken har i 2025 forbetra metodikken for vurdering av tapsavsetningar i trinn 3, noko som har ført til netto auke i tapsavsetningane for både PM og BM. Auka amortiseringseffektar har òg bidrege med 7,4 mill. kroner i tpskostnader for heile 2025 Styret har i samarbeid med leiinga sett i verk fleire tiltak for å redusere risikoen i banken sin utlånsportefølje. Eit viktig verkemiddel er tilsetning av kredittsjef, som nå er på plass og inngår i leiargruppa. I tillegg har styret revidert policy for kredittisiko og vedteke ein handlingsplan for å redusere risikoen i BM-porteføljen. Administrerande banksjef har òg varsla styret om at det vil bli gjennomført ytterlegare endringar i organiseringa, slik at banken på ein effektiv måte skal kunne redusere risikoen i BM-porteføljen.

I 2023 flytta vi alle utlån knytt til næringane «utvikling og sal fast eigedom», «oppføring av bygningar» og «kjøp og sal av fast eigedom» frå trinn 1 til trinn 2. Dette er gjort med bakgrunn i at dette er bransjar som har store utfordringar. Vi meiner nå at risikoen har materialisert seg i rekneskapen, og frå og med 3. kvartal 2025 opprettheld vi ikkje denne overstyringa.

Balansen

Forvaltningskapitalen

Forvaltningskapitalen utgjer 10 902,3 mill. kroner, ein auke på 8,6 % sidan førre årsskifte. Dette må sjåast i samanheng med overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt. Ved utgangen av 2025 hadde overføringane til SpareBank 1 Boligkreditt auka frå førre årsskifte med 404,7 mill. kroner til 3 120,3 mill. kroner. Forvaltningskapitalen inkludert SpareBank 1 Boligkreditt utgjer 14 022,5 mill. kroner, ein auke på 1 266,4 mill. kroner sidan 2024.

Utlån og garantiar

Utlåna gjekk opp med 480,6 mill. kroner til 8 857,8 mill. kroner, når vi ikkje tek omsyn til overførte lån til SpareBank 1 Boligkreditt. Note 7 viser fordeling mellom geografiske område.

Ved utgangen av 2025 utgjer garantiar 111,5 mill. kroner. Note 34 viser garantiar fordelt på garantitypar. Utlån til næringslivet er på 42,6 % av totale utlån (eks. lån i SpareBank 1 Boligkreditt). For 2024 var dette 44,9 %.

Den gjennomsnittlege utlånsrenta rekna av brutto utlån var 5,47 % mot 5,72 % i 2024.

Banken er medeigar i bustadkreditselskapet Sparebank 1 Boligkreditt AS (SB1BK). Selskapet vart etablert for å sikre eigarbankane tilgang til funding som er rimelegare enn den fundinga banken sjølv normalt kan oppnå, gjennom utferding av særskilt sikra obligasjonar med svært god rating. For å oppnå denne ratinga må bustadkreditselskapet dokumentere at alle lån oppfyller gjevne kvalitetskrav frå styresmaktene og kreditt-ratingbyråa. Ved å overføre denne typen lån, mottok banken provisjonsinntekter frå selskapet, jf. note 8.

Avsetningar til tap

Balansen viser samla tapsavsetningar på 135,4 mill. kroner, ein auke på 32,0 mill. kroner sidan 31.12.2024. For kundar som er vesentleg kredittforringa, har banken gjort ei individuell avsetning. Til saman utgjer dei individuelle avsetningane for engasjement i denne kategorien 110,5 mill. kroner, ein auke på 46,8 mill. kroner i 2025. Utlån i trinn 3 utgjorde 4,48 % av brutto utlån inkl lån overført til SpareBank 1 Boligkreditt ved utgangen av 2025, ein auke frå 2,28 % i 2024.

Innskot

Innskot frå kundar utgjer 8 081,2 mill. kroner, som er ein auke på 735,6 mill. kr siste året, eller 10,0 %. Dei siste åra har det vore auke kvart år, men med svært varierende prosentdel. Styret er klar over likviditetsrisikoen som ligg i store innskot. Den gjennomsnittlege innskotsrenta var på 3,27 %, tilsvarande for 2024 var 3,17 %.

Verdipapir

Behaldninga av renteberande verdipapir utgjør 308,6 mill. kroner i tillegg til 686,9 mill. kroner i rentefond. Forvaltninga av renteberande verdipapir som inngår i LCR-berekinga er sett bort til SpareBank 1 Kapitalforvaltning. Vi viser til note 25 for nærmare opplysningar om renteberande verdipapir.

Behaldninga av aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument utgjør 307,2 mill. kroner. Dette inkluderer strategiske investeringar gjennom alliansesamarbeidet. I tillegg har vi eigardeler i tilknytt selskap og i felleskontrollert verksemd bokført med til saman 246,7 mill. kroner, sjå note 35.

Banken har behaldning av renteswappar på til saman 385 mill. kroner. Desse har ein netto positiv marknadsverdi på 23,5 mill. kroner. For verdipapir vurdering av verdipapir viser vi til notane 22, 23 og 25.

Plasseringar i verdipapir ligg innanfor dei grensene styret har sett. Styret får kvartalsvis rapportar over verdipapirporteføljen, der bokført verdi, marknadsverdi og renterisiko går fram.

Eigenkapital og kapitaldekning

Etter overføring til sparebankfondet utgjør eigenkapitalen nå 1,649 mrd. kroner. Heile eigenkapitalen er frå opptente overskot og gjev ein eigenkapitalandel på 15,13 %, rekna ved utgangen av året, mot 14,92 % ved førre årsskiftet. Rein kjernekapital og kjernekapitaldekning utgjør 26,16 % og kapitaldekning utgjør 28,89 %.

SpareBank 1 Lom og Skjåk konsoliderer eigardelar SpareBank 1 Boligkreditt AS, Kredittbanken AS og SpareBank 1 Finans Midt Norge AS. Etter konsolidering av desse selskapa er rein kjernekapital 22,88 %, kjernekapital 23,05 % og kapitaldekning på 24,73 %.

Funding og likviditet

Bankaktiviteten med finansielle instrument er avgrensa til å gjelde egne posisjonar. Total eksponering og vurdering av risiko blir jamleg gjennomgått.

Banken si gjeld ved utferding av obligasjonslån var 954,3 mill. kroner ved utgangen av 2025, ein reduksjon på 27,8 mill. kroner sidan utgangen av 2024. I tillegg har banken to ansvarlege lån på til saman 100 mill. kroner. Obligasjonsgjeld som forfell i 2026, utgjør 205 mill. kroner. Gjennomsnittleg vekta løpetid på obligasjonsgjelda er på 2,6 år, jf. note 31.

Innskot målt mot netto utlån utgjør 91,2 % mot 87,7 % ved førre årsskiftet. Rapportert LCR pr. 31.12.2025 er 170 %.

Likviditetsrisikoen til banken er redusert gjennom god spreining av innlån på ulike marknader, innlånskilder og løpetider. Styret vurderer likviditetssituasjonen som god, og finansieringsmarknaden som velfungerande.

Rating

SpareBank 1 Lom og Skjåk var i andre kvartal i prosess med Nordic Credit Rating for tildeling av rating. Vi fekk tildelt BBB+ som langsiktig kredittvurdering med stabile utsikter. Vi meiner dette gjev eit rett bilete av SpareBank 1 Lom og Skjåk.

Tilsyn frå Finanstilsynet

Finanstilsynet har dei siste to åra gjennomført to stadlege tilsyn i banken, og styret mottok endeleg rapport frå begge tilsynsprosessane i 2025. Det første tilsynet gjaldt IKT og var ei førebuing til dei krava banken no er underlagt i DORA-regelverket, som trådte i kraft i 2025. Det andre tilsynet omhandla verksemdsstyring, marknadsrisiko, likviditetsrisiko og kredittrisiko. I dette tilsynet hadde Finanstilsynet særleg fokus på banken si handsaming av tapsutsette engasjement og tilhøyrande tapsavsetningar. Begge tilsynsprosessane har gitt styret og administrasjonen konstruktive innspel til styring og kontroll av banken sin risiko, og samarbeidet med tilsynsmyndigheita undervegs i prosessane har vore godt.

Revisor

Den eksterne revisoren til banken for rekneskapsåret 2025 er PricewaterhouseCoopers AS. Banken nyttar EY AS som internrevisor.

Intern kontroll og risikostyring

Generelt

Eit mål for SpareBank 1 Lom og Skjåk er balansert risikoeksponering. Samstundes er det viktig for banken å stimulere til aktivitet og nyetablering i primærmarknadsområdet. Styret har vedteke prinsipp for risikostyring gjennom instruksar, retningslinjer og internkontroll. Styret får løpande orientering om utviklinga gjennom periodiske rapporteringar. Styret meiner at risikostyringa i banken er forsvarleg, og at banken blir styrt etter reglar som er gjevne i lov, føresegner og i interne retningslinjer.

Kapitalkrav

I 2025 vurderte Finanstilsynet samla risikonivå og tilhøyrande kapitalbehov for SpareBank 1 Lom og Skjåk. Dette resulterte i eit fastsett Pilar II-krav på 1,90 %. Vedtaksbrevet er offentleggjort på heimesida til Finanstilsynet.

Desse vurderingane, saman med krava i CRD-IV-regelverket, dannar grunnlag for kor mykje kapital banken må ha for å dekkje den samla risikoen den er eksponert for. Styret meiner at banken er godt kapitalisert. Både rein kjernekapitaldekning og kapitaldekning har i 2025 vore over minstekravet, inkludert krav til Pilar II.

I samsvar med føresegn om risikostyring og internkontroll har banken årleg ein gjennomgang av vesentlege risikoar dei respektive verksemds-områda i banken er eksponert for. Finansiell informasjon, Pilar III, blir offentleggjort på heimesida til banken.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er knytt til potensialet for tap på utlån eller garantiar til kundar, i tillegg til tap på plassering i verdipapir med mindre solide utferdarar. I tråd med føresegner frå Finanstilsynet og dei interne retningslinjene, gjennomgår banken regelmessig utlånsporteføljen med tanke på identifisering av mogleg tapsutsette

engasjement. Banken følgjer utviklinga i utlånsporteføljen tett med kvartalsvis oppfølging av nøkkeltal, og følgjer med på at utviklinga av måltal relatert til utlånsporteføljen inngår som del av kvartalsvise risikorapportar til styret. Styring av kredittrisiko tek utgangspunkt i Policy for kredittrisiko som er vedteken i styret.

Porteføljen for bedriftsmarknaden har gjennom 2025 hatt låg vekst, mens porteføljen for privatmarknaden har auka mykje. Banken har ein risiko ved å vera med på utvikling av lokalt næringsliv, og ved at vi har store eigedomsengasjement utanom banken sitt primærmarknadsområde. På grunn av negativ utvikling i fleire større kredittengasjement i bedriftsmarknadsporteføljen, har banken hatt vesentleg auke i misleghaldne lån. Dette har medført at banken har hatt ei betydeleg auka i dei individuelle tapsavsetningane innanfor bedriftsmarknaden i 2025. Misleghaldet i privatmarknadsporteføljen har hatt ein liten oppgang, men risikoen er vurdert som relativt stabil. Styret har iverksett tiltak for å redusere misleghaldet i bedriftsmarknadsporteføljen.

Valutarisiko

Banken er i liten grad direkte eksponert i valuta, men er indirekte eksponert gjennom å stille lånegarantiar for kundar med valutalån overfor SpareBank 1 SMN. Banken si eksponering mot valutalånsгарantiar er samla sett relativt låg.

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er risikoen for tap som skuldast endringar i observerbare marknadsvariablar som renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoen for endringar i verdipapirprisar som skuldast endringar i generelle kredittprisar, blir også rekna som marknadsrisiko. Marknadsrisiko i SpareBank 1 Lom og Skjåk oppstår hovudsakleg frå investeringar i obligasjonar, sertifikat og aksjar og som følgje av aktivitet utført for å støtte opp under bankdrifta, i første rekkje funding.

Styring av marknadsrisiko tek utgangspunkt i Policy for marknadsrisiko vedteken i styret.

Inntektene til banken skal i størst mogleg grad skapast i form av kundemargar. Da vil banken oppnå størst mogleg stabilitet og tryggleik i innteninga. Risikoaktiviteten knytt til handel i verdipapir vil skje innanfor rammer som er vedtekne til kvar tid, fullmakter og kredittliner til motpartar. Styret vurderer marknadsrisikoen til banken som akseptabel.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risikoen for at banken ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine etter kvart som dei har forfall. Likviditetsrisiko omfattar uføresette endringar eller svingingar i likviditetsbehovet. Døme på dette kan vera vekst i utlån og reduksjon i innskot, endringar i marknadsprisar, eller at kontraktfesta innskot kjem for seint eller ikkje blir noko av. Likviditetsstyringa tek utgangspunkt i Policy for likviditetsrisiko vedteken i styret. Policyen blir gjennomgått årleg, og skal sikre at banken har evne til å handtere kritiske situasjonar.

Det er inngått ei samarbeidsavtale i SpareBank 1 Alliansen, som forpliktar den einskilde banken til å hjelpe andre bankar i alliansen ved eventuelle finansieringsproblem. I 2025 har denne avtala ikkje medført eksponering.

Likviditetsrisikoen er primært knytt til behovet for ekstern funding på grunn av auke i utlån og/eller reduksjon i innskot. Overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS har redusert behovet for eigne lån i marknaden, og med det redusert likviditetsrisikoen. Det er dagleg oppfølging og vurdering av likviditeten. Målsettinga om samansetnad av balanse og forfallsstruktur på obligasjonslån, saman med etablerte trekkrettar, gjer at styret framleis meiner å ha ein kontrollert og låg risiko.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er definert som risiko for tap som følgje av utilstrekkelege eller sviktande interne prosessar eller system, menneskelege feil eller eksterne hendingar.

Styring av operasjonell risiko tek utgangspunkt i Policy for operasjonell risiko, som blir revidert av

styret minst ein gong kvart år. Prosessen for styring av operasjonell risiko skal gjera at operasjonelle hendingar i SpareBank 1 Lom og Skjåk ikkje skal kunne skade den finansielle stillinga til banken i alvorleg grad. Det blir gjennomført risikovurderingar knytt til tenester, system og ved vesentlege endringar i eksisterande produkt og system før implementering. Det er fokus på samarbeid i SpareBank 1-alliansen, som skal sikre god og stabil drift av IT-system. Banken har etablert database for registrering og oppfølging av forbetringstiltak knytt til uønskte hendingar. Den generelle auken i svindelaktivitet i samfunnet har medført ein auke i risikoen for operasjonelle tap.

Styret meiner at den operasjonelle risikoen til banken er innanfor akseptable grenser.

Strategisk risiko

Banken har ein robust forretningsmodell prega av lokal forankring, desentraliserte avgjerder og høg tilgjenge for kundane. Dette gir konkurransefortrinn og medverkar til låg strategisk risiko. Banken overvaker marknadsutvikling, regulatoriske endringar og teknologiske drivere for å sikre god tilpassing til endringar i rammevilkåra. Etableringa av kontor i Oslo har gitt banken betre tilgang til fjernkundemarknaden for boliglån. Investeringa og risikoeksponeringa er førebels avgrensa, og styret vurderer risikoen som låg. Den største strategiske risikoen er knytt til sterk konkurranse om lågrisikokundar og vedvarande prispress.

Etterlevingsrisiko

Etterlevingsrisiko er risikoen for at banken får bøter, andre strafferettslege sanksjonar, omdømmetap eller økonomisk tap som følgje av manglande etterleving av lover, forskrifter, offentlege pålegg og retningsliner fastsett av styresmaktene. Styret meiner at banken har tilfredsstillande styring og kontroll med Etterlevingsrisikoen, og at eksponeringa banken har for slik risiko er forsvarleg.

Forretningsskikkrisiko

Forretningsskikkrisiko er risikoen for offentlege sanksjonar, straffereaksjonar, tap av omdømme eller økonomiske tap som følgje av at forretnings-

metodane til banken eller åtferd av dei tilsette i vesentleg grad skader interessene til kundane eller integriteten banken har i marknaden. Regulering av finansbransjen har over tid utvikla seg til i stadig større grad også å omfatte regelverk for å beskytte kundar og forbrukarar. Forretningsskikkrisikoen er derfor nært knytt til etterlevingsrisiko.

Sentrale verkemiddel for å sikre god forretningsskikk omfattar mellom anna etiske retningslinjer, interne informasjons- og opplæringstiltak, gjennomføring av risikoanalysar, system for handtering av kundeklager og ein formålstenleg varslingskanal. Ved etablering eller endring av produkt og tenester skal det gjennomførast naudsynt kvalitetssikring før lansering. Påskjønning- og godtgjeringsordningar skal utformast slik at ønskt åtferd blir sikra og fremma. Styret meiner at banken har ei forsvarleg eksponering for forretningsskikkrisiko.

ESG-risiko

ESG står for «Environmental, Social and Governance», og kan omsetjast til miljø, sosiale forhold/rettar og selskapsstyring. ESG blir brukt som metode til å vurdere og rangere selskap etter kor godt dei gjer det med tanke på påverknad av miljøet, sosiale forhold og rettार i og rundt selskapet, og kor god selskapsstyringa er på å ta i vare alle interessentane i og rundt eit selskap. Tanken bak ESG er at risikoen på investeringane kan reduserast og gjera det mogleg å skapa ei meir berekraftig og langsiktig avkastning.

Dette er konsekvenstenking som går ut over «her og nå». Det betyr å inkludere miljøomsyn, sosiale utfordringar og god eigarstyring. ESG-risiko for banken kan vera:

- (E) Endring i natur-, klima- og/eller miljøforhold som har direkte eller indirekte negativ effekt for banken.

- (S) Manglande etterleving av regulatoriske krav eller forventningar marknaden har til menneskerettar, arbeidstakarrettar og god forretningskikk.
- (G) Manglande etterleving av regulatoriske krav eller forventning marknaden har når det gjeld styring og kontroll.

Banken er hovudsakleg indirekte eksponert for ESG-risiko via kundane sine. Kundar med høg ESG-risiko kan til dømes gje auka utlånstap på grunn av reduserte panteverdiar, eller på grunn av forringa forretningsmodellar og redusert beteningsevne. Det er i framtida truleg at det i tillegg kjem kapitalkrav knytt til ESG-risiko. SpareBank 1 Alliansen har utarbeidd ei felles løysing for rapportering av ESG-risiko knytt til kredittgjeving av næringslivsengasjement.

Ein vesentleg del av utlåna til bedriftsmarknaden er knytt til eigedom og landbruk. Banken er dermed spesielt eksponert for den ibuande ESG-risikoen til desse bransjane. Det er likevel avgjerande at banken samarbeider med kundane om å halde ESG-risikoen knytt til kvar kunde på eit akseptabelt nivå. Temaet er under kontinuerleg oppdatering, og forhåpentlegvis vil dette føre til positiv påverknad overfor kundar og samarbeidspartnarar. Les meir om bankens arbeid med ESG under berekraftsrapporten.

Takk til forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette

Styret takkar forretningskontaktar, tillitsvalde og tilsette for godt samarbeid i 2025. SpareBank 1 Lom og Skjåk Fjellbanken har lagt bak seg nok eit godt år, og dette er eit resultat av godt lagarbeid og sær s god innsats frå den enkelte tilsette i banken. Eit solid og dyktig fjellbanklag med stort engasjement og god kompetanse danner eit godt grunnlag for god utvikling i tida framover!

Lom, 31.12.2025/27.02.2026
Elektronisk signert

Hans Ivar Kolden
Styreleiar

Karin B. Orgland
Nestleiar i styret

Unni Strand
Adm. Banksjef

Simen Kvamme Repp

Heidrun R. Marstein

Hjørdis Sletten

Berekraftsrapport

Generell informasjon

Grunnlag for utarbeiding av berekraftsrapporten

Fjellbanken er ikkje rapporteringspliktig etter CSRD, men vel å rapportere med ei CSRD-tilnærming med utgangspunkt i ESRs 2024. I praksis inneber dette at rapporteringa følgjer ESRs-strukturen, men at vi i større grad har valfridom knytt til kva som blir inkludert. Rapporten byggjer på Fjellbanken si doble vesentlegheitsanalyse som vart gjennomført sommaren 2025. Berekraftsrapporten er ikkje underlagd krav om attestasjon og er ikkje attestert av revisor.

Fjellbanken sin berekraftsrapport skal gje interessentane våre eit objektivt og relevant bilete av korleis banken handterer vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter knytte til miljø, sosiale forhold og verksemdsstyring. Rapporten dekkjer perioden 1. januar til 31. desember 2025.

SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein del av SpareBank 1-alliansen gjennom SamSpar. Alliansen består av fleire sjølvstendige bankar i Noreg som samarbeider om utvikling og levering av finansielle produkt og tenester. Arbeidet er organisert gjennom selskapa SpareBank 1 Gruppen og SpareBank 1 Utvikling DA. Dei felleseigde selskapa har sentrale aktivitetar som inngår i verdikjeda til SpareBank 1 Lom og Skjåk. Berekraftsrapporten inneheld difor informasjon om alliansen som ein del av verdikjeda. Sjå vedlegg for meir informasjon om eigarstrukturen og korleis samarbeidet fungerer.

Opplysningar i samband med særlege omstende

SpareBank 1 Lom og Skjåk utarbeider sitt klimarekneskap i tråd med Finans Norge si rettleiing for berekning av finansierte utslepp. Rettleiinga byggjer på Greenhouse Gas Protocol (GHG-protokollen) og Partnership for Carbon Accounting Financials (PCAF) sine faktorarar for utrekning av utslepp. Utsleppsberakingane i kategori 15 (finansierte utslepp) på bedriftsmarknaden er i stor grad baserte på bransje-estimat. Desse kan vere upresise når det gjeld faktiske utslepp i porteføljen, og vil ikkje fange opp om enkeltkundar aukar eller reduserer

utsleppa. Rapporten vil difor ha usikre estimat. Datakjelder og føresetnader som blir nytta i rapporteringa, er konsistente med finansiell informasjon der det er mogleg.

Tidshorisontar

Fjellbanken følgjer tidshorisontane som er definerte i CSRD. Det vil seia: Kort sikt er under 1 år, mellomlang sikt er mellom 1 og 5 år, og lang sikt er over 5 år.

Styringsstrukturen for berekraft

For å lesa om korleis Fjellbanken praktiserer eigarstyring og selskapsleiing, sjå styret si årsmelding. Når det gjeld roller og ansvar for berekraft, er det styret som har ansvar for å fastsetje strategi, mål, policy og risikotoleranse for berekraftsrisiko, sjå til at selskapet har tilstrekkeleg styring og kontroll av berekraftsrisiko, behandle pliktig berekraftsrapportering og sikre betryggjande oppfølging og kontroll av denne.

Administrerande banksjef har overordna ansvar for det daglege arbeidet med berekraft og skal sjå til at konsernet implementerer policy for berekraft. Leiar forretningsutvikling, økonomi og finans har ansvar for det daglege berekraftsarbeidet på vegner av administrerande banksjef. Leiar økonomi og finans har mellom anna ansvar for gjennomføring og vidareutvikling av selskapet si eksterne berekraftsrapportering etter rekneskapslova, og for samanstilling, analyse og tilgjengeleggjering av berekraftsdata til bruk i rapportering, utviklingsarbeid samt verksemds- og risikostyring. Fagsjef berekraft har ansvar for å bidra til vidareutvikling av banken sitt berekraftsarbeid, med særleg vekt på strategi, kompetanse og rapportering. I tillegg har leiar risk og compliance, leiar personmarknad, leiar bedriftsmarknad, kredittsjef og HR-leiar roller og ansvar knytte til berekraft og handtering av berekraftsrisiko.

Fjellbanken sin strategi

Kundane i Fjellbanken skal oppleve oss som ein bank som tek ansvar, gjev tryggleik og meirverdi. Vi skal vera ein bank du er stolt av å vera kunde i. Banken skal ha eit aktivt forhold til miljø, klima og samfunnet rundt oss i alt vi gjer. Både visjonen vår

«Lokalbanken din – der du er» og føremålet «Drivkraft for utvikling av lokalsamfunnet» er grunnleggjande for berekraftsarbeidet vårt.

Banken er oppteken av at den overordna strategien og berekraftsstrategien heng tett saman. Difor har fagansvarleg, saman med andre relevante ressursar, bidrege i arbeidet med å utforme Fjellbanken sin strategi for 2026–2028. Det vart òg gjennomført ei dobbel vesentlegheitsanalyse i 2025, som er det grunnleggjande arbeidet for utforminga av berekraftsstrategien. Desse to prosessane dannar grunnlaget for banken si berekraftsstrategi. Strategien er under utvikling, men vart ikkje ferdigstilt før nyttår 2025.

Proessen for å identifisere og vurdere vesentlege påverknader, risikoar og moglegheiter, i tillegg til vesentleg informasjon som skal rapporterast

SpareBank 1 Lom og Skjåk gjennomførte for første gong i 2025 ei dobbel vesentlegheitsanalyse, som er eit viktig første steg i å styrke banken sitt berekraftsarbeid. Den doble vesentlegheitsanalysen gjev eit samla bilete av kva berekraftstema som er mest relevante for SpareBank 1 Lom og Skjåk. Dette omfattar både banken sin påverknad på klima, miljø og menneske, og korleis berekraftsrelaterte risikoar og moglegheiter kan påverke den finansielle utviklinga. Arbeidet har gitt innsikt i kvar banken har størst påverknad og har tydeleggjort både potensielle moglegheiter og risikoar. Dette dannar eit godt grunnlag for å prioritere tiltak og integrere berekraft i strategien. Samstundes har prosessen bidrege til å styrke kompetansen hos berekraftsansvarleg og andre deltakarar.

Ei dobbel vesentlegheitsanalyse inneheld fire steg:

1. Forstå konteksten banken opererer i og kartleggje verdikjeda
2. Identifisere og vurdere direkte og indirekte påverknader på klima, miljø og menneske
3. Identifisere og vurdere finansielle risikoar og moglegheiter som har eller kan ha økonomisk effekt
4. Samanstillе funn.

Analysearbeidet har følgd desse stega og teke utgangspunkt i anbefalingane i EFRAGs implementeringsrettleiing for dobbel vesentlegheitsanalyse (EFRAG IG 1). SpareBank 1 Lom og Skjåk har organisert arbeidet som eit prosjekt med eigen prosjektleiar og prosjektgruppe. I tillegg har utvalde nøkkelpersonar delteke i ei breiare arbeidsgruppe som har kome med innspel til identifisering av påverknader, risikoar og moglegheiter. Ressursane i arbeidsgruppa har representert ulike interessentgrupper i banken, slik at interessentperspektivet er ivareteke. Det er òg nytta informasjon frå tidlegare interessentdialogar, strategiarbeid, kartleggingar og relevante undersøkingar.

I **steg 1** vart bankens eigne produkt, tenester og aktivitetar kartlagde, og relevante opp- og nedstraums aktivitetar og andre forhold skildra. Kartlegginga inkluderte òg gjennomgang av relevant dokumentasjon.

Basert på funn frå steg 1 har SpareBank 1 Lom og Skjåk i **steg 2** identifisert både negative, positive, potensielle og faktiske påverknader verksemda har eller kan ha på miljø og menneske. Arbeidet tok utgangspunkt i dei definerte temaa i ESRS 1 AR 16 og relevante bransje- og verksemdsspesifikke tema.

Vurdering av vesentlegheit er gjort etter kriteria i ESRS 1, der det vart definert ein femtrinns skala som vart brukt for vurdering.

Alle identifiserte positive påverknader på klima, miljø og menneske er vurderte for vesentlegheit basert på kriteria i ESRS 1: effekt og omfang. For potensielle påverknader er det i tillegg gjort ei vurdering av sannsyn. Skalaen som er brukt, er vist i illustrasjonen under. Maksimal grense for endeleg score er 10.

	 Effekt Gevinsten påverkinga medføra	+	 Omfang Kor utbreidd påverkinga er	+	% Sannsyn Berre for potensielle påverknader	=	Endeleg score Utgangspunktet for kva som blir vesentleg
1	Minimal gevinst, eksempelvis mindre effektiviseringstiltak utan målbar effekt.		Svært lite omfang. Gjelder berre en filial eller et lite geografisk område, eks. Lom.		Lite sannsynleg (< 1 %)		Terskelverdi = 9 Terskelverdien er det som blir rekna som ei vesentleg påverking. Det vil seie at ein score under terskelverdien er uvesentlege påverkingar
2	Liten gevinst, eksempelvis økt kundetilfredsheit.		Lite omfang. Kan gjelde nokon filialar.		Mindre sannsynleg (1 – 10 %)		
3	Moderat gevinst, eksempelvis økt operasjonell effektivitet.		Moderat omfang. Kan gjelde fleire filialar.		Sannsynleg (10 – 25 %)		
4	Betydeleg gevinst, eksempelvis nye marknadsmoglegheiter.		Betydeleg omfang. Kan gjelde hele banken.		Veldig sannsynleg (25 – 50 %)		
5	Eksepsjonell gevinst, eksempelvis ledande aktør innan berekraftig finans.		Stort omfang. Internasjonalt geografisk.		Svært sannsynleg (> 50 %)		

Alle identifiserte negative påverknader på klima, miljø og menneske er vurderte, basert på kriteria som er skildra i ESRS 1: effekt, omfang og uopprettelegheit, som samla utgjør alvorsgraden. For potensielle påverknader er det i tillegg gjort ei vurdering av sannsyn. Vesentlegheitsvurderinga vart gjort ved å nytte ein skala frå 1 til 5, som vart definert i prosjektet. Skalaen som er brukt, er vist i illustrasjonen under.

	 Effekt Skaden påverkinga medfører	+	 Omfang Kor utbreidd påverkinga er	+	 Uopprettelegheit Kor vanskeleg det er å gjenopprette påverkinga som skjer	+	% Sannsyn Berre for potensielle påverkingar	=	Endeleg score Utgangspunktet for kva som blir vesentleg
1	Svært liten negativ påverking.		Svært lite omfang. Gjelder berre en filial eller et lite geografisk område, eks. Lom.		Ikkje vanskeleg å rette opp		Lite sannsynleg (< 1 %)		Terskelverdi = 10 Terskelverdien er det som blir rekna som ei vesentleg påverking. Det vil seie at ein score under terskelverdien er uvesentlege påverkingar
2	Liten negativ påverking.		Lite omfang. Kan gjelde nokre filialar.		Krev noko innsats, men kan gjenopprettast		Mindre sannsynleg (1 – 10 %)		
3	Moderat negativ påverking.		Moderat omfang. Kan gjelde fleire filialar.		Kan være vanskeleg å rette opp		Sannsynleg (10 – 25 %)		
4	Betydeleg negativ påverking.		Betydeleg omfang. Kan gjelde hele banken.		Veldig vanskeleg å rette opp		Veldig sannsynleg (25 – 50 %)		
5	Eksepsjonell negativ påverking.		Stort omfang. Internasjonalt geografisk.		Uoppretteleg - Påverkinga er irreversibel		Svært sannsynleg (> 50 %)		

Steg 3. Finansielle risikoar og moglegheiter kan stamme frå to kjelder: avhengigheita SpareBank 1 Lom og Skjåk har til ulike ressursar og kapital, og identifiserte påverknader. Vesentlege risikoar og moglegheiter er vurdert basert på ein kombinasjon av sannsynet for at forholdet oppstår, og den finansielle effekten dersom det oppstår. Vesentlegheitsvurderinga vart gjort ved å nytte ein skala frå 1 til 5 som vart definert i prosjektet. Skalaen som er brukt, er vist i illustrasjonen under. Dersom ein risiko eller moglegheit er vurdert til ein finansiell effekt på 3 eller høgare, er temaet prioritert som vesentleg. Rein kjernekapital i 2024 var kr 1 374 376 000.



Finansiell effekt			%
Økonomisk verdi	Ressurstilgang	Effekt på omdømmet	
<i>Kor mye banken kan tene på gevinsten eller tape på risikoen</i>	<i>I kva grad banken si evne til å halde fram med å bruke eller skaffe dei ressursane som trengst blir påverka</i>	<i>I kva grad risikoen eller moglegheita påverkar omdømmet til banken</i>	Sannsynligheit
1 Tap/gevinst på 0.001 % av ren kjernekapital	Svært liten effekt på ressurstilgang	Svært liten effekt på omdømmet	Lite sannsynleg (< 1 %)
2 Tap/gevinst på 0.05 % av ren kjernekapital	Liten effekt på ressurstilgang	Liten effekt på omdømmet	Mindre sannsynleg (1 – 10 %)
3 Tap/gevinst på 0.25 % av ren kjernekapital	Moderat effekt på ressurstilgang	Moderat effekt på omdømmet	Sannsynleg (10 – 25 %)
4 Tap/gevinst på 1 % av ren kjernekapital	Stor effekt på ressurstilgang	Stor effekt på omdømmet	Veldig sannsynleg (25 – 50 %)
5 Tap/gevinst på > 1 % av ren kjernekapital	Svært stor effekt på ressurstilgang	Svært stor effekt på omdømmet	Svært sannsynleg (> 50 %)

Steg 4 samanstillar funn frå arbeidet i steg 2 og 3 om kva som er vesentleg. Prosjektgruppa har gjort ei avsluttande justering av vurderingane og gått gjennom resultatane saman med leiargruppa. Alle tilbakemeldingar er tekne omsyn til i det endelege resultatet.

Resultat av dobbel vesentlegheitsanalyse

Vesentleg tema		Type IRO			
		Negativ	Positiv	Risiko	Moglegheit
E	ESRS E1 Klimaendringar	3		2	2
S	ESRS S1 Eigne tilsette	1		2	1
	ESRS S4 Forbrukarar og sluttbrukarar		2	3	2
G	G1 Forretningskikk	2		6	1

Undertema	Påverknad, risiko eller moglegheit
E1 Klimaendringar	
Tilpassing til klimaendringar	Fjellbanken har ein faktisk <i>risiko</i> for verditap i porteføljen som følgje av fysisk klimarisiko.
	Fjellbanken har ein faktisk <i>risiko</i> for verditap i porteføljen som følgje av overgangsklimarisiko i porteføljen.
Begrensing av klimaendringar	Fjellbanken har ei faktisk <i>moglegheit</i> til å finansiere reduserte utslipp ved å tilby grønne produkt.
	Fjellbanken har ein faktisk <i>negativ påverknad</i> på klimaet gjennom å finansiere utslipp av klimagassar i utlånsporteføljen.
	Fjellbanken har ei faktisk <i>moglegheit</i> til å stille krav og leie gåvemedlane i ei meir klimavennleg retning.
Energi	Fjellbanken har ein faktisk <i>negativ påverknad</i> på klimaet ved å investere i selskap med fossile kjelder i fondsporteføljen.
	Fjellbanken har ein faktisk <i>negativ påverknad</i> på klimaet ved å ha eit høgt energiforbruk frå eiga verksemd.
S1 Eigne tilsette	
Tiltak mot vald og trakassering på arbeidsplassen	Fjellbanken har ein potensiell <i>negativ påverknad</i> på tilsette ved at banktilsette er meir utsette for kriminalitet eller kan bli tvinga til å bidra til økonomisk kriminalitet.
	Fjellbanken har ein potensiell <i>risiko</i> for at tilsette opplever uønskte hendingar i møte med kunden.
Opplæring og kompetanseutvikling	Fjellbanken har ei potensiell <i>moglegheit</i> til å spesialisere seg på ESG-feltet, noko som kan gi nye forretningsmoglegheiter i framtida.
	Fjellbanken har ein potensiell <i>risiko</i> for å ikkje få tak i nødvendig kompetanse.
S4 Kunder og sluttbrukarar	
Bidra til lokal verdiskaping	Fjellbanken har ein faktisk <i>positiv påverknad</i> på lokalsamfunnet gjennom å oppretthalde sjølvstendet og gje overskotet tilbake til lokalsamfunnet.
	Fjellbanken har ein potensiell <i>risiko</i> for fusjon eller oppkjøp.
	Fjellbanken har ein faktisk <i>positiv påverknad</i> på lokalsamfunnet ved å sikre lokalt næringsliv både gjennom etablering og vidareutvikling av bedrifter, og bidra med direkte og indirekte arbeidsplassar.
	Fjellbanken har ein potensiell <i>risiko</i> for at sentraliseringspolitikken fjernar viktige lokale funksjonar, som kan resultere i fråflytting.
	Fjellbanken har ei potensiell <i>moglegheit</i> til å finansiere prosjekt som fremjar lokal og grøn utvikling.
Tilgang på varer og tenester	Fjellbanken har ei potensiell <i>moglegheit</i> til å støtte kunden i å ta i bruk produkta våre gjennom god rådgjeving og rettleiing.
Ansvarleg marknadsføring	Fjellbanken har ein potensiell <i>risiko</i> for å ha kundar i porteføljen som driv med grønvasking.
G1 Forretningsåttferd	
Bekjemping av økonomisk kriminalitet	Fjellbanken har ein potensiell <i>negativ påverknad</i> gjennom sine system og kanalar som kan gjere svindel tilgjengeleg.
	Fjellbanken har ein potensiell <i>risiko</i> for omdømetap og direkte tap dersom bankkundane blir svindla, eller dersom arbeidet mot svindel ikkje er tilfredsstillande.
	Fjellbanken har ein potensiell <i>negativ påverknad</i> gjennom å finansiere kundar som utøver økonomisk kriminalitet.
	Fjellbanken har ein potensiell <i>risiko</i> for omdømetap og bøter dersom det blir avdekt at bankkundar har finansiert terror.
	Fjellbanken har ein potensiell <i>risiko</i> for omdømetap og bøter dersom det blir avdekt avvik i antikvitvaskingsarbeidet eller at bankmedarbeidarar bidreg til å kvitvaske pengar.
Bedriftskultur	Rolla som grøn pådrivar kan gje banken ei <i>moglegheit</i> til å vidareutvikle kulturen internt slik at det blir naturleg å ta meir berekraftige val.
	Fjellbanken har ein potensiell <i>risiko</i> for at tilsette blir for lite proaktive i arbeidet med ESG, noko som kan resultere i ein dårlegare portefølje som banken på lengre sikt vil slite med å bli kvitt.
	Fjellbanken har ein potensiell <i>risiko</i> for at styret sin kompetanse er for lite oppdatert, sidan det stadig kjem nye krav og reguleringar.
Cybersikkerheit	Fjellbanken har ein potensiell <i>risiko</i> for manglande cybersikkerheit.

Klimaendringar

Omstillingsplan

SpareBank 1 Lom og Skjåk er, på lik line med resten av næringslivet, ansvarleg for å redusere egne utslepp og skal bidra til omstilling og reduksjon av utslepp i kundeporteføljen. Banken har ikkje utarbeidd ein eigen omstillingsplan, men har ein ambisjon om å etablere ein for dei største porteføljane i løpet av 2026.

Policyar for avgrensing av og tilpassing til klimaendringar

Banken har lenge vore bevisst på ansvaret som følgjer med å vera ein lokalbank. Å ta vare på miljø og lokalsamfunn har alltid vore i fokus for arbeidet

vårt, men det har aldri vore ein eigen policy som beskriv korleis dei tilsette i banken skal forholde seg til dette temaet. I 2025 har banken starta arbeidet med å utarbeide ein berekraftspolicy, som skal vedtakast av styret i løpet av 2026.

Når det gjeld klimaendringar, har vi ei arbeidsbeskriving som forklarar korleis banken sine rådgjevarar i privatmarknaden skal kontrollere eigedommens fysiske klimarisiko og energikarakter. Ved bedriftsengasjement over ein viss sum brukar rådgjevarane ein ESG-modell som mellom anna gjennomgår spørsmål knytt til klima og verksemda sitt arbeid med dette.



Banken sitt nye landbruksteam. Frå venstre Kristian Olav Garmo og Erland Einbu Wigenstad.

Mål og tiltak

I 2025 har banken jobba med å spisse arbeidet knytt til klima og miljø. Dette arbeidet har ført til at banken har etablert eit rammeverk for grøn finansiering av alle eigendelar. Ved å utferde grønne obligasjonar ønskjer vi å bidra til utviklinga av marknaden for grønne obligasjonar, samtidig som banken synleggjer berekraftstrategien sin overfor aktørar i kapitalmarknaden. I tillegg vil grønne obligasjonar bidra til å utvide SpareBank 1 Lom og Skjåks investorbase og styrke dialogen med eksisterande investorar.

Fjellbanken har, som nemnt innleiingsvis, ambisjon om å etablere ein omstillingsplan for dei største porteføljane i løpet av 2026. For å kunne lage ein slik plan, må vi først kartleggje kor store utsleppa i porteføljen er – noko vi har gjort for 2025. Arbeidet byggjer på Finans Norges «Veileder for beregning av finansierte klimagassutslipp».

Fjellbanken bruker ein ESG-modell i samband med kredittløyvingar i bedriftsmarknaden (BM). Modellen gir ein ESG-score basert på rådgjevar si vurdering av tema som fysisk klimarisiko, overgangsrisiko, sosiale forhold, selskapsleiing og eigarstyring. Alle bedriftskundar med eit engasjement over 3 millionar kroner skal vurderast med ESG-modellen. ESG-scoren verksemda får, hjelper banken med å kartleggje og forstå risikobiletet både på kundebasis og for BM-porteføljen generelt. Dette bidreg til at banken kan prise risiko riktig, og er eit viktig verkemiddel i omstillinga for bedriftskundene.

Klimagassrekneskap

Fjellbankens klimagassrekneskap er utarbeidd basert på prinsippa som ESRS viser til i «The Greenhouse Gas Protocol Initiative», GHG-protokollen. Rekneskapen inkluderer utslepp banken har finansiell og operasjonell kontroll over.

Trass i mange år med rapportering av klimagassrekneskap, har banken valt 2025 som basisår. Bakgrunnen er at 2025 markerer det første året der finansierte utslepp er berekna. Ettersom finansierte utslepp er ei stor utsleppskjelde samanlikna med tidlegare inkluderte postar, vil det vera meir representativt å bruke 2025 som basisår.

Metode for berekning av utslepp i Scope 1, 2 og 3

Scope 1-utslepp kjem frå bankens to dieslbilar. For å berekne utsleppa har vi henta ut talet på liter diesel kjøpt i 2025. Scope 2-utslepp kjem frå straumforbruket ved alle kontora, inkludert feriebusstaden på Gjeving. Lading ved hovudkontoret i Lom og vår eigen elbil er òg inkludert. Data er henta frå straumselskapa som banken nyttar. Både lokasjonsbasert og marknadsbasert metode er berekna. GHGprotokollen deler Scope 3-utslepp inn i 15 kategoriar. Banken har inkludert dei kategoriane der vi har tilgjengelege data:

Kategori 1: Innkjøp av varer og tenester. I 2025 omfattar dette innkjøp av IT-utstyr. Utsleppa er berekna basert på talet på innkjøpte einingar som laptopar, skjermar og dockingstasjonar.

Kategori 3: Utslepp frå energiproduksjon. Inkluderer utslepp frå produksjon av drivstoff og straum. Her er forbruket frå Scope 1 og Scope 2 lagt til grunn.

Kategori 5: Avfallshandtering. Inkluderer avfall generert på bankkontora. Data er henta både frå eigne berekningar og avfallsselskapet banken har avtale med.

Kategori 6: Tenestereiser. For 2025 omfattar utsleppa tenestereiser der tilsette har brukt privat bil i jobbsamanheng. Andre former for tenestereiser er ikkje inkluderte i berekningsgrunnlaget.

Kategori 15: Finansierte utslepp. Som tidlegare nemnt følgjer banken ein rettleiar for berekning av finansierte utslepp. Datagrunnlaget kjem frå PCAF, og SpareBank 1 Utvikling hjelper til med å gjere dataa tilgjengelege. Det er eit mindre avvik mellom sum utlån i rekneskapen og datagrunnlaget for berekningane. Avviket er marginalt og blir vurdert som akseptabelt for å kunne beskrive storleiken på finansierte utslepp. For å rekne ut finansierte utslepp er CEDA-faktorar brukt.

Tonn CO ₂ -ekvivalentar	2025	2024
Scope 1		
Brutto klimagassutslepp scope 1	4	5
Scope 2		
Brutto lokasjonsbaserte klimagassutslepp	3	13
Brutto marknadsbaserte klimagassutslepp	259	178
Scope 3		
Innkjøp av varer og tenester	13	36
Utslepp relatert til energiproduksjon	3	10
Avfall	6	6
Tenestereiser	1	7
Finansierte utslepp	103 095	
<i>Sum brutto utslepp scope 3</i>	<i>103 118</i>	<i>58</i>
Totalt brutto utslepp		
Totalt brutto utslepp lokasjonsbasert	103 125	76
Totalt brutto utslepp marknadsbasert	103 382	241

Fjellbanken har i mange år rapportert utslepp i scope 1 og scope 2 og nokre få kategoriar i scope 3. Desse kategoriane utgjer ikkje store utslepp, ettersom ein bank sjeldan har store direkte utslepp. Hovuddelen av utslepp kjem frå finansieringa av kundeaktivitetar. Sidan Fjellbankens største porteføljar er innan landbruk og eigedom, er det naturleg at dei finansierte utsleppa er høge. Dette forklarar også kvifor Fjellbankens totale utslepp frå 2024 til 2025 har auka.

Fjellbanken sine finansielle utslepp 2025

Sektor	Utlån totalt (MNOK)	Finansierte utslepp scope 1-2 (tCO ₂ e)	%-andelen finansierte utslepp scope 1 og 2	Finansierte utslepp scope 3
Jordbruk, skogbruk og fiske	1.554.352	63.163,71	97,69 %	23.894,54
Industri	61.337	59,29	0,09 %	2.030,94
Elektrisitets-, gass-, damp- og varmtvassstilførsel	23.289	119,55	0,18 %	63,91
Bygge- og anleggsverksemd	144.729	173,35	0,27 %	2.472,52
Varehandel	62.542	165,63	0,26 %	1.551,38
Transport og lagring	36.384	353,78	0,55 %	639,94
Overnattings- og serveringsverksemd	299.318	274,21	0,42 %	2.111,67
Informasjon og kommunikasjon	5.156	-	0,00 %	6,9
Finansierings- og forsikringsverksemd	170.257	8,28	0,01 %	336,01
Omsetjing og drift av fast eigedom	1.179.267	274,97	0,43 %	3.104,49
Fagleg, vitenskapleg og teknisk tenesteyting	91.992	1,3	0,00 %	536,5
Forretningsmessig tenesteyting	60.221	7,68	0,01 %	338,11
Undervisning	16.919	4,08	0,01 %	67,7
Helse- og sosialtenester	20.843	9,65	0,01 %	98,5
Kulturell verksemd, underhaldning og fritidsaktivitetar	46.481	14,37	0,02 %	305,07
Anna tenesteyting	48.490	29,73	0,05 %	877,33
Løna arbeid i private hushaldningar	0	-	0,00 %	-
Sum	3.821.579	64.659,58	100,00 %	38.435,52

CLIMATE CERTIFICATE

Issued by Seevard

Sparebank 1 Lom og Skjåk

Offsetting Greenhouse Gas Emissions to Support a Sustainable Future

This is to certify that the above named organization has purchased
Verified Emission Reductions (VERs) to offset *greenhouse gas emissions*.

Offset Quantity:

76 tCO₂e

Project Name:

Clean water & climate project, India

Credit Standard:

Gold Standard

Registry ID:

GS#11447

The carbon credits have been permanently retired in the registry to ensure they are not reused.

Certificate ID: 26-SV0070

Issue Date: 13.02.2026

Valid Until: 13.02.2027

Registry: Gold Standard Registry



Verify Online

Issued by Seevard

Kjetil Selmer-Olsen
Authorised Signatory



Eigne tilsette

Fjellbanken er underlagt aktivitets- og utgreiingsplikta. Mykje av informasjonen som er forventa i likestillingsutgreiinga, overlappar med forventningane under Eigne tilsette.

For å gjere rapporten så konkret og forståeleg som mogleg, har vi valt å slå saman tekstene til desse to tema, som du finn i årsmeldinga frå styret.

Vesentlege påverknader og risikoar er handterte i følgjande styringsdokument:

Retningslinjer	Forklaring	Ansvarleg
Etiske retningslinjer	Retningslinjene forklarar korleis tilsette, leiarar og styremedlemmer skal opptre i tråd med organisasjonen sine verdiar og gjeldande reglar.	Leiar HR
Arbeidsreglement for Sparebank 1 Lom og Skjåk	Arbeidsreglementet forklarar ordensreglane i banken (reglar for arbeidsordninga, vilkår for tilsetjing, oppseiing og avskjed, og føresegner om utbetaling av løn).	Leiar HR



Frå eit kundearrangement. Hanne Kvalheim og Ingrid Kleiven.

Kundar og sluttbrukarar

Retningslinjer knytt kundar og sluttbrukarar

Retningslinjer	Forklaring	Ansvarleg
Policy for kredittområdet	Kredittpolicyen skal støtte opp om kreditthandsaming, strategisk utvikling og måloppnåing slik at opplevingane til banken og kundane samsvarer med forventningane. Vidare skal kredittpolicyen bidra til betre styring og rapportering av kredittrisikoen. Policyen skal sikre at banken når desse måla ved å utvikle og vedlikehalde rutinar og arbeidsbeskrivingar i tråd med relevante lover og forskrifter.	Kredittsjef
Policy for innskot	Med bakgrunn i overordna strategiplan for kunde- og marknadsområdet, og økonomi/finans og risiko, definerer Policy for innskot overordna prinsipp, mål og rammer for innskotsområdet. Dokumentet fastset gjennomgåande prinsipp for styring av innskot.	Leiar sparing og plassering
Policy for personvern	SpareBank 1 Lom og Skjåk handsamar personopplysningar som ein del av den daglege drifta. Policyen gjeld både behandling av personopplysningar der banken er behandlingsansvarleg, og der banken opptretr som databehandlar. Formålet er å sikre at banken behandlar personopplysningar trygt og forsvarleg, i samsvar med gjeldande regelverk.	Compliance-ansvarleg
Policy for interessekonfliktar	Policy for interessekonfliktar i SpareBank 1 Lom og Skjåk skal gje føringar i tråd med gjeldande lovgjeving for korleis banken skal handtere interessekonfliktar. Dette omfattar identifisering og førebygging av faktiske og potensielle interessekonfliktar, slik at risikoen er låg for: • interessekonfliktar mellom banken og kundane • interessekonfliktar mellom kundar og kundegrupper • kundeandsaming i strid med god forretningsskikk	Compliance-ansvarleg

Banken sitt arbeid med kundar og sluttbrukarar er omtalt innleiingsvis. I løpet av 2025 vart det delt ut betydelege gåvemidlar og sponsormidlar. Ei oversikt over kven som har motteke midlar, finn du i vedlegg.



Banken er klare til å ta i mot gjestar til sitt årlege arrangement ÅPEN BAKKE. Her på Dombås med Jon Terje Bjørke og Kristin N. Lonbakken.

Forretningsskikk

Retningslinjer knytt forretningsskikk

Retningslinjer	Forklaring	Ansvarleg
Policy for antikvitvasking og antiterrorfinansiering	Formålet med policyen er å forklare SpareBank 1 Lom og Skjåk sine overordna retningslinjer for å førebyggje og avdekkje kvitvasking, terrorfinansiering og brot på sanksjonsregelverket. Policyen skal sikre at banken etterlever gjeldande lover og reglar på området. Policyen byggjer på banken si verksemdsretta risikovurdering og identifiserte risikoar.	AHV-ansvarleg
Policy for informasjonssikkerheit	Policy for informasjonssikkerheit er det grunnleggjande styringsdokumentet for handsaming av informasjon. Policyen definerer måla for informasjonssikkerheit og forklarar korleis arbeidet er organisert, og korleis det skal utførast for å nå målet for informasjonssikkerheit.	Fagansvarleg IKT-sikkerheit
Policy for IKT-området	Policyen skal definere arbeidet med IKT og teknologi og verksemda sine krav til IKT-strategi i IKT-forskrifta.	Fagansvarleg IKT-sikkerheit

Arbeid mot kvitvasking, terrorfinansiering og sanksjonsbrot

Banken har gjennom arbeidet med antikvitvasking og antiterrorfinansiering som formål å førebyggje og avdekkje transaksjonar med tilknytning til ulike former for økonomisk kriminalitet, som kvitvasking, terrorfinansiering, omgåing av sanksjonsregelverket, bedrageri og svindel.

Økonomisk kriminalitet undergreiv integriteten i det finansielle systemet og utgjer ein trussel mot velferdssamfunnet og eit sunt næringsliv. Det vil alltid vera ein risiko for at bankprodukt og tenester kan bli forsøkt misbrukt til å kvitvaske midlar som stammar frå kriminell verksemd. Dette er ein vedvarande trussel som vi arbeider målretta med å motverke.

Gjennom løpande vurderingar og den årlege verksemdsinnretta risikovurderinga kartlegg banken kva risikofaktorar vi må ha særleg merksemd på. Risikovurderinga legg grunnlaget for bankens policy, rutinar og det operative arbeidet innanfor området. Alle kundetiltak og aktivitetar for å redusere risiko i verksemda skal

vere risikobaserte. Dette sikrar at banken nyttar ressursane sine så effektivt som mogleg.

I retningslinjene til banken er det lagt stor vekt på relevant og kontinuerleg opplæring i anti-kvitvasking. Kompetanse hos alle tilsette er ein føresetnad for at banken skal etterleva regelverket og halde høg kvalitet i dette arbeidet. Det er krav om årlege opplærings- og oppdateringstiltak for alle tilsette i banken, med eit særskilt program for kunderådgjeverar på person- og bedriftsmarknaden. Det er òg eit krav at styremedlemmene gjennomfører eit tilpassa opplæringsopplegg. Dette har bidrege til å skjerpe fokuset og auke kompetansen blant dei tilsette innan antikvitvasking.

Vi ser ein auke i svindel og svindelforsøk mot bankkundane, noko som fører til at pengar hamnar hos kriminelle aktørar. Svindel heng tett saman med kvitvasking. Utbyte frå bedrageri må i dei fleste tilfelle kvitvaskast. Svindel og svindelforsøk mot kundane våre blir meir avansert og utbreidd for kvart år.

Svindeltypene kundane blir utsette for, er mellom anna kjærleikssvindel, investeringsbedrageri, direktørsvindel, falske fakturaer og ulike typar phishing.

Banken ser ein auke i saker der kriminelle aktørar misbruker kundetilgangen til mobil- og nettbank. Økonomisk tap for kunden som følgje av svindel blir òg tap for banken og samfunnet, fordi det skaper inntekter til kriminelle. Banken jobbar kontinuerleg med førebygging og handtering av svindelsaker. Fleire svindelforsøk er avverja grunna overvaking og oppfølging av banken. Banken har skarpt fokus på å ha samtalar med kundar som er offer for svindel.

Banken erkjenner sitt viktige samfunnsansvar. Gjennom etterleving av lovverk og plikter skal banken arbeide systematisk og målretta for å førebyggje, avdekkje og hindre at banken blir nytta til økonomisk kriminalitet.

Banken undersøker og rapporterer kvart år ei rekkje mistenkjelege transaksjonar til Økokrim. Kapasiteten knytt til arbeidet med økonomisk kriminalitet har auka det siste året, og det har vore høgare innrapportering av saker i 2025 enn tidlegare. Banken har egne dedikerte ressursar som arbeider med antikvitvaskoppgåver og antisvindel. I tillegg har eit medlem av leiargruppa AKV-ansvaret i banken.

Arbeidet med elektronisk overvaking av transaksjonar er utkontrahert til felles AKV-eining i SpareBank 1 Utvikling DA, og dette arbeidet blir stadig styrkt. Overvakinga blir gjennomført kontinuerleg, basert på verksemdsspesifikke risikovurderingar.

Tiltak omtalt ovanfor har gjort at arbeidet er meir profesjonalisert, med skarpere fokus og auka kompetanse hos tilsette innan AKV-området. Dette gjeld ikkje minst arbeidet mot identitets-tjuveri, svart økonomi og terrorfinansiering. Dette arbeidet vil framleis ha høg prioritet i 2026.



Eit knippe tilsette. Frå venstre Svein Jonsson Brennhaug, Yvonne Nyhus, Mona Thomassen og Sofie Brimi-Ottesen.

Arbeid for å sikre cybersikkerheit

Bankar står overfor stadig nye utfordringar knytte til cyberkriminalitet og nettbaserte angrep. Både NSM og PST rapporterer om aukande digital utpressing og sabotasje.

Som ein samfunnskritisk aktør er banken særleg utsett for datainnbrot, phishing, svindelforsøk og løysepengavirus. Difor er det ei sentral oppgåve å redusere risikoen.

Regelverket for digital tryggleik i finanssektoren har blitt strammare dei siste åra. Digitalsikkerhetslova og digitalsikkerhetsforskrifta trådde i kraft 1. oktober 2025 og gjennomfører NIS-direktivet i norsk rett. Regelverket stiller grunnleggjande krav til digital tryggleik for verksemdar med særleg samfunnsbetydning, og skal førebyggje, avdekkje og motverke uønskte hendingar i nettverks- og informasjonssystema som blir brukte.

Banken har i 2025 gjennomført nødvendige analysar som bidreg til å sikre at risikoen for uønskte hendingar er så låg som mogleg. Dette er nedfelt i policydokument som beskriv korleis banken skal arbeide for å sikre datasikkerheita. Dei viktigaste tiltaka kjem fram gjennom risikovurderingar av den pågåande informasjonsbehandlinga, eller i risikovurderingar som blir gjennomførte før behandlinga.

All informasjon som blir handsama og lagra, skal klassifiserast for å sikre grunnlaget for risikovurderingar. Administrerande banksjef har det overordna ansvaret for at klassifisering og vurdering blir gjennomført for informasjon som banken behandlar. Risikovurderingar – eller oppdateringar av desse – blir gjennomførte minst ein gong i året. Ny risikovurdering må gjennomførast ved endringar som kan påverke risikobiletet for behandling av konfidensiell informasjon. Banken held seg løpande oppdatert på endringar i trusselbiletet og utviklinga i marknaden.

For å sikre stabil og kontinuerleg forretningsdrift må kritiske funksjonar, system og prosessar fungere sjølv ved alvorlege feilsituasjonar eller katastrofar. Dette inneber at ansvarlege for slike funksjonar og prosessar skal ha kontinuitetsplanar som varetek beredskap og sikring av informasjon.

All tilgang skal vere basert på tenestleg behov. Tilgang skal bestillast og godkjennast av næraste leiar. Tilgangen skal oppdaterast ved stillingsendringar eller ved avslutta arbeidsforhold.

Det skal gjevast tilstrekkeleg opplæring i informasjonssikkerheit slik at kvar tilsett eller innleigd person forstår korleis elektronisk, skriftleg og munnleg informasjon skal handterast i banken. Alle tilsette og innleigd personell skal informerast om gjeldande regelverk og kor dei finn denne informasjonen. Ingen skal få tilgang til konfidensiell informasjon før dei har signert teieplikt og fått tilstrekkeleg opplæring. For enkelte IT-system kan det vera krav om fagkurs før tilgang kan gjevast.

Alle tilsette har plikt til å rapportere hendingar som kan påverke informasjonssikkerheita, eller brot på policy for informasjonssikkerheit og tilhøyrande standardar. Hendingar skal rapporterast i tråd med gjeldande prosedyre for avvikshandtering i banken – arbeid for å sikre cybersikkerheit og arbeid mot kvitvasking, terrorfinansiering og sanksjonsbrot.



Utgreiing av aktsemdsvurderingar

Utgreiinga dekkjer perioden 01.01.2025–31.12.2025, og er tilgjengeleg på heimesida til banken. Ved førespurnader om openheitslova, gå til banken si heimeside under “Om oss”. Under “Samfunnsansvar” står det meir om openheitslova, og der er det mogleg å fylle ut eit skjema. Skjemaet går til kundesenteret, som vil sende saka vidare til rett person.

Menneskerettar og arbeidstakarrettar

Grunnleggjande menneskerettar byggjer mellom anna på FN sine konvensjonar om økonomiske, sosiale, kulturelle, sivile og politiske rettgar frå 1966, og ILO sine kjernekonvensjonar om rettgar i arbeidslivet. Når ei verksemd tilbyr anstendige arbeidsvilkår, betyr det at dei tilsette får rettane sine tekne vare på, inkludert eit trygt og helsefremjande arbeidsmiljø og ei lønn det er mogleg å leve av.

Introduksjon

Openheitslova trådde i kraft 1. juli 2022 og skal sikre respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold ved produksjon og levering av varer og tenester. Lova gjev òg allmenta rett til innsyn i korleis verksemdar handterer risiko for brot på desse områda.

I tråd med openheitslova gjennomfører banken jamlege aktsemdsvurderingar i samsvar med OECD sine retningslinjer. Vurderingane er risikobaserte og tilpassa storleiken, arten og konteksten til banken.

Aktsemdsvurderingane skal bidra til å identifisere, førebyggje og redusere negative konsekvensar for menneskerettar og arbeidsforhold.

Om våre aktsemdsvurderingar


Vi gjennomfører aktsemdsvurderingar for å kartleggje, førebyggje, redusere og gjera greie for korleis verksemda handterer faktiske og moglege negative konsekvensar knytte til eiga verksemd, leverandørkjede og forretningspartnarar.

I arbeidet vårt legg vi til grunn at aktsemdsvurderingar skal vera:

- førebyggjande, med mål å unngå å forårsake eller bidra til negativ påverknad
- risikobaserte, der prioriteringar blir gjorde ut frå alvorsgrad og sannsyn for skade
- kontinuerlege og gjentakande, med behov for jamleg forbetring

Våre aktsemdsvurderingar skal vere tilpassa vår storleik, bransje, forretningsmodell, kontekst og risiko.

Figuren under oppsummerer stega i aktsemdsvurderingane, i tråd med OECD sine retningslinjer.



Kjelde: Forbrukertilsynet

Formålet med rapporten

Denne rapporten gjer greie for aktsemds-vurderingane vi har gjennomført i 2025. Målet er å gje relevant informasjon om verksemda vår og korleis vi arbeider for å førebyggje og handtere negative konsekvensar knytte til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Rapporten inneheld òg ei oversikt over funn vi har gjort, og tiltak vi har sett i verk.

Utgreiinga vår er delt inn i tre hovuddelar: ei om leverandørkjede og forretningspartnarar, ei om kundar og ei om eigne tilsette.

Om banken

SpareBank 1 Lom og Skjåk har hovudverksemd i Nord-Gudbrandsdalen og leverer digitale tenester nasjonalt. For meir informasjon om organisering, struktur og eigarskap, sjå års-meldinga. SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein del av SpareBank 1-alliansen, eit bank- og produkt-samarbeid der SpareBank 1 bankane i Noreg samarbeider gjennom dei felleseigde selskapa SpareBank 1 Gruppen AS og SpareBank 1 Utvikling DA, deira dotterselskap og andre felleseigde selskap. I tillegg er SpareBank 1 Lom og Skjåk ein del av Samarbeidande Sparebankar (SamSpar) i SpareBank 1 alliansen.

Forankring av ansvar

Organiseringa av ansvaret for openheitslova er den same som for andre berekraftsrelaterte tema. For å lesa om ansvarsfordelinga, sjå den generelle innleiande informasjonen i berekraftsrapporten.

Varslingskanalar og klagemekanismar

I tillegg til etablerte ordningar som varslingskanal for eigne tilsette og klagemekanismar for kundar, gjev vi høve til at alle som ønskjer å gi innspel til berekraftsarbeidet vårt eller arbeidet etter openheitslova, kan gjera dette via nettsidene våre. Vi oppmodar om å ta kontakt for å gi tilbakemeldingar eller innspel til forbetringar av arbeidet vårt med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga drift, hos leverandørar eller hos forretningspartnarar.

Leverandørar og forretningspartnarar

Gjennom samarbeid med forretningspartnarar, særleg leverandørar, kan vi ha positiv påverknad på systematisk arbeid for å sikre anstendige arbeidsvilkår og motverke brot på menneske-rettar. Klare forventningar, retningslinjer og openheit bidreg òg til å styrke konkurransevilkåra for leverandørar som opptrer ansvarleg. Gjennom eigne innkjøp og krav til leverandørar kan vi auke medvitet, redusere negativ påverknad på miljø, sosiale forhold og etisk forretningsverksemd.

Felles avtaler i SB1-alliansen

SpareBank 1 Lom og Skjåk er ein del av SpareBank 1-alliansen, som er eit bank- og produktsamarbeid der SpareBank 1-bankane i Noreg samarbeider gjennom dei felleseigde selskapa SpareBank 1 Gruppen AS og SpareBank 1 Utvikling DA, deira dotterselskap og andre felleseigde selskap. På innkjøpsområdet er det tett samarbeid mellom bankane i SpareBank 1-alliansen, der felleseigde SpareBank 1 Utvikling har ei sentral rolle i arbeidet med berekraftige innkjøp.

Dei fleste av våre innkjøps- og leverandøravtaler skjer via SpareBank 1 Utvikling (SB1U). Avdelinga for Allianseinnkjøp inngår leverandøravtalar på vegner av Alliansen og følgjer opp desse. Allianse-innkjøp har utarbeidd retningslinjer for berekraft i innkjøp og oppfølging av risiko knytt til brot på menneske- og arbeidsrettar. Føringer for korleis Allianseinnkjøp skal arbeide med innkjøp er ned-felte i «Anskaffelsesstrategien», som slår fast at Allianseinnkjøp skal vere pådrivarar for ansvarlege innkjøpsprosessar.

Screening og risikobasert kartlegging

SB1 Utvikling har gjennomført screening og risikobasert kartlegging. Alle leverandørar og forretningspartnarar over 100 000 kr vart kontrollerte gjennom ei grundig, risikobasert kartlegging eller breiddeundersøking i oktober 2025. Målet var å dekkje framståande risiko-område knytte til menneskerettar og arbeidstakarrettar, som opplista nedanfor. Totalt 248 selskap vart screena i breidde-undersøkinga.

Det vart òg kartlagt om selskapa har retningslinjer for menneskerettar og offentlege vurderingar om aktsemd, i tillegg til klimarekneskap og omstillingsplanar. I tillegg vart alle dei andre 338 leverandørane under 100 000 kr gjennomgått i ei forenkla risikobasert screening som kartla bransje, geografi, moglege koplingar til registrerte brot på menneskerettar og utvalde risikofaktorar.

Metodikken for kartlegging og vurdering byggjer på gjennomgang av opne kjelder og risikobaserte vurderingar, basert på kva det er rimeleg å leggje til grunn ut frå tilgjengeleg informasjon. Arbeidet er utført i samsvar med OECD sine retningslinjer for ansvarleg næringsliv og standardar for aktsemdsvurderingar. Leverandørane vart screena opp mot fleire kjelder for å avdekkje moglege koplingar til menneskerettsbrot i verdikjeda. Dette omfatta moglegheiter for koplingar til pågåande konflikter i Myanmar, Palestina og Ukraina, og område med svært høg risiko for førekomst av systematisk tvangsarbeid, som Myanmar og Xinjiang. Screeninga inkluderte sanksjonslister (EU, FN) og ulike listeføringar av selskap (FN og sivilsamfunnsorganisasjonar) som er skulda for aktivi tetar i ulike konfliktområde.

Fleirtalet av dei direkte leverandørane er i utgangspunktet «lågrisiko» når det gjeld eiga verksemd, og mange av desse opererer i Noreg eller andre nordiske land. Det vart ikkje avdekt funn som indikerte faktiske brot knytte direkte til innkjøpte varer og tenester. Enkelte leverandørar med globale operasjonar og verdikjeder vart «flagga» på grunn av risiko i verdikjeda, som inneber forhøgde risiko for at varer og tenester som blir kjøpte inn, kan ha direkte eller indirekte tilknytning til alvorlege menneskerettsbrot.

Dei mest framståande risikokategoriane blir følgde opp vidare i samsvar med internasjonale standardar for aktsemdsvurderingar (OECD og FN sine retningslinjer).

Allianseinnkjøp si vurdering av aktsemd finn de ved å gå inn på sparebank.no og «Om oss». Under «Samfunnsansvar» er det ein del om krav til leverandørar.

Samarbeidande Sparebankar (SamSpar)

SpareBank 1 Lom og Skjåk er, gjennom Samarbeidande Sparebankar (SamSpar), medeigar i SpareBank 1 Gruppen AS. Enkelte innkjøp og leverandøravtaler blir difor handterte via SamSpar. Vi etterspør informasjon frå SamSpar om kontraktsvilkår og oppfølging av leverandørar, inkludert forhold som er omfatta av openheitslova.

Styret i SamSpar har etablert aktsemds- vurderingar og oppfølging av menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Dette inkluderer varslingskanalar og tiltak for å avdekkje og handtere negative konsekvensar. Selskapet nyttar eit kvalitetssystem med malar og retningslinjer for innkjøp og leverandørstyring, og arbeider kontinuerleg med risikovurderingar og for- betringstiltak.

Styret i SamSpar har vedteke ein eigen policy for etterleving av menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. I siste utgreiinga frå SamSpar er det ikkje rapportert funn knytte til brot på desse områda.

Allianseinnkjøp si aktsemdsvurdering finn de ved å gå inn på sparebank.no, «Om oss» og velje selskapet SamSpar.

Lokale innkjøp

Lokale innkjøp er innkjøp som ikkje er dekte av Allianseinnkjøp eller SamSpar. Desse prosessane blir initierte og gjennomførte lokalt av SpareBank 1 Lom og Skjåk sjølv.

Vesentlege risikoar og funn

Når det blir avdekt risiko eller faktiske funn gjennom kartlegginga av leverandørar, er det avgjerande å handtere dette på ein ansvarleg og effektiv måte. Verksemda si mest vesentlege negative påverknad på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold skal prioriterast først. Dette inneber ikkje at annan risiko er uviktig, men at innsatsen blir retta dit konsekvensane kan vera størst.

Dersom det blir avdekt avvik frå konsernet sine krav, blir det vurdert om samarbeidet med leverandøren skal avsluttast, eller om det skal utarbeidast ein forbetningsplan. I dei fleste tilfelle er det mest føremålstenleg å følgje opp leverandøren og sikre at nødvendige forbetringar blir gjennomførte i tråd med planen.

På rapporteringstidspunktet har vi ikkje avdekt faktiske negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar gjennom aktsemdsvurderingar av leverandørane og forretningspartnarane våre.

Kundar

SpareBank 1 Lom og Skjåk er ei viktig drivkraft for lokal utvikling. For innsikt i arbeidet med person- og bedriftskundar i 2025, sjå kapittelet Attendeblikk.

Fondskundar

SpareBank 1 Lom og Skjåk formidlar fondsprodukt i marknaden. Vi yter òg investeringsrådgjeving. Fondssparing er eit viktig spareprodukt for kundane våre. Offentleggjingforordninga (SFDR – Sustainable Finance Disclosure Regulation) krev at vi gjer greie for korleis produkta og tenestene våre påverkar miljø og samfunn. Dette gir kundane våre høve til å ta informerte val basert på sine egne verdiar og berekraftsmål.

SpareBank 1 Forvaltning ønskjer å gjera det enklare for kundane å velja verdipapirfond som er rette for dei – både med omsyn til risiko, tids-horisont og kundepreferansar, og andre forhold som er relevante for samfunnet og kundane.

Som ein del av SpareBank 1-alliansen har vi eigardelar i SpareBank 1 Forvaltning, som er det felles finanshuset for SpareBank 1-alliansen. Gjennom fondsplattforma vår formidlar vi fond frå ulike fondsforvaltarar vidare til kundane våre. Fonda vi tilbyr, er investerte i selskap innan ei rekke ulike sektorar, både i Noreg og globalt. Det er krevjande å få full oversikt over ansvars- og berekraftsprestasjonar i selskapa – innan miljø, klima, menneske- og arbeidstakarrettar, økonomisk kriminalitet og verksemdsstyring. For å sikre ei ansvarleg forvaltning stiller vi krav

til fondsforvaltarane. Når vi samarbeider om dette i SpareBank 1-alliansen, står vi sterkare og har større påverknadskraft.

Dei siste aktsemdsvurderingane frå SpareBank 1 Forvaltning finn de her ved å gå inn på sparebank.no og trykk på Om oss. Informasjon om ODIN sitt arbeid med openheitslova finn de ved å gå inn på [Odin.no](https://odin.no) og les om deira arbeid med berekraft.

Eigne tilsette

Dyktige og engasjerte medarbeidarar er vår viktigaste ressurs. Vi arbeider målretta for å vera ein trygg, inkluderande og rettferdig arbeidsplass.

Arbeidstakarrettar blir sikra gjennom norsk lovverk, tariffavtaler og tett samarbeid med tillitsvalde og verneombod. HR-rammeverket vårt legg til rette for mangfald, likestilling, HMS og eit godt arbeidsmiljø.

Det står meir om likestilling, mangfald, arbeidsmiljø og HMS i årsmeldinga under Sosiale forhold.

På rapporteringstidspunktet har vi ikkje identifisert aktivitetar som tilseier brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold blant våre tilsette.

Resultat

Tall i hele tusen	Note	2025	2024
Renteinntekter og lignende inntekter			
Renteinntekter kreditt- og finansinstitusjoner		34.367	34.483
Renteinntekter kunder		477.351	435.951
Renteinntekter verdipapir		15.548	16.146
Øvrige renteinntekter		23.162	25.200
Sum renteinntekter og lignende inntekter		550.428	511.780
Rentekostnader og lignende kostnader			
Rentekostnader kunder		256.743	223.454
Rentekostnader verdipapir		60.011	47.621
Øvrige rentekostnader		7.997	7.455
Sum rentekostnader og lignende kostnader		324.751	278.529
Netto renteinntekter		225.677	233.251
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester	16	57.551	47.628
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester	16	7.703	5.557
Utbytte og andre inntekter av egenkapitaltransaksjoner	17,35	52.804	56.587
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	17,35	69.605	59.398
Andre driftsinntekter		488	404
Sum andre driftsinntekter		172.744	158.460
Lønn og andre personalkostnader	18,19,20	79.060	75.925
Andre driftskostnader	19	70.864	69.909
Avskrivninger	28,29	5.923	4.564
Gevinst/tap		0	0
Sum driftskostnader før nedskrivning på utlån		155.848	150.398
Kredittap på utlån målt til amortisert kost eller virkelig verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader		43.629	38.384
Kredittap på garantier og ubenyttede rammekreditter som ikke måles til virkelig verdi over resultat		-402	-1.140
Sum kredittap på utlån, garantier og rentebærende verdipapir (Note 4)	10	43.227	37.244
Resultat før skatt og andre inntekter og kostnader		199.346	204.069
Skatt på resultat før andre inntekter og kostnader	21	30.850	30.503
Resultat etter skatt før andre inntekter og kostnader		168.496	173.566
Andre inntekter og kostnader			
Andre innt. og kostn som ikke blir omklassifisert til res			
Andre inntekter og kostnader som kan bli omklassifisert til resultat			
Tap OCI reversering trinn 1 PM virkelig verdivurdering		-1.088	908
Skatteeffekt		272	-227
Sum andre inntekter og kostnader	21,10	-816	681
Totalresultat for regnskapsperioden		167.681	174.247

Balanse

Tall i hele tusen	Note	31.12.2025	31.12.2024
Konter og kontantekvivalenter	15,22,24	9.096	11.710
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og finansiseringsforetak	11,12,15,22,24	591.533	657.539
Netto utlån til og fordringer på kunder	4,7,9,10,11,12,15,22,23,24	8.676.606	8.217.560
Rentebærende verdipapirer	11,12,15,22,23,25	995.504	512.474
Finansielle derivater	11,15,22,23,26	23.547	26.719
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	22,23,27	307.184	269.573
Eierinteresser i tilknyttede selskaper og felleskontrollert virksomheter	35	246.711	287.704
Eierinteresser i konsernselskaper	35	20	20
Varige driftsmidler	28,29	36.055	39.932
Andre eiendeler	30	16.004	17.282
SUM EIENDELER		10.902.260	10.040.513
Innskudd og andre innlån fra kunder	4,7,14,15,22,24	8.081.212	7.345.650
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	14,15,22,24,31	954.284	982.086
Finansielle derivater	11,22,23,26		0
Annen gjeld	29,32	68.437	61.924
Avsetninger	10,33	48.828	52.341
Ansvarlig lånekapital	31	100.314	100.332
SUM GJELD		9.253.075	8.542.334
Sparebankens fond	5	1.640.732	1.478.051
Gavefond	5	8.453	20.128
SUM EGENKAPITAL		1.649.185	1.498.179
SUM GJELD OG EGENKAPITAL		10.902.260	10.040.513
Garantier	11,34	111.457	113.234
Ubenyttede kreditter	11	481.839	400.537
Lånetilsagn		169.753	170.465

Lom, 31.12.2025/27.02.2026
Elektronisk signert

Hans Ivar Kolden
Styreleiar

Karin B. Orgland
Nestleiar i styret

Unni Strand
Adm. Banksjef

Simen Kvamme Repp

Heidrun R. Marstein

Hjørdis Sletten

Kontantstrøm

Tall i hele tusen	2025	2024
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
Netto utbetaling av lån til kunder	-502 928	-1 300 736
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	439 725	451 735
Netto inn-/utbetaling av innskudd fra kunder	735 562	524 815
Renteutbetalinger på innskudd fra kunder	-263 725	-229 811
Renteutbetalinger på gjeld til kredittinstitusjoner/renteinnbetalinger på innskudd kredittinstitusjoner	34 367	34 483
Kjøp og salg av sertifikat og obligasjoner	-459 146	76 413
Renteinnbetalinger på derivat, sertifikat og obligasjoner	22 336	25 562
Netto provisjonsinnbetalinger	49 847	42 071
Utbetalinger til drift	-137 955	-169 787
Betalt skatt	-35 342	-28 933
Utbetalte gaver	-11 671	-1 803
A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	-74 930	-575 991
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
Utbetaling ved investering i varige driftsmidler	-717	-919
Innbetaling fra salg av varige driftsmidler	0	20
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapirer	-38 151	-135 860
Innbetaling fra salg av langsiktige investeringer i verdipapirer	119 900	82 305
Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjer	16 101	8 965
B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet	97 133	-45 489
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		
Utbetaling ved forfall av gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	-220 000	-361 000
Innbetaling ved utstedelse av gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	195 000	545 000
Netto inn-/utbetaling ved utstedelse/forfall ansvarlige lån	-18	100 332
Utbetaling av leieforpliktelse	-2 993	-2 649
Renteutbetalinger på gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	-56 285	-40 880
Renteutbetalinger på ansvarlige lån	-6 528	-2 051
C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet	-90 824	238 752
A + B + C Netto endring likvider i perioden	-68 621	-382 728
Likviditetsbeholdning 1.1	669 249	1 051 977
Likviditetsbeholdning 31.12	600 629	669 249
Likviditetsbeholdning spesifisert:		
Konter og kontantekvivalenter	9 056	11 710
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og finansiseringsforetak	591 533	657 539
Likviditetsbeholdning	600 629	669 249

Egenkapital

Tall i hele tusen	Sparebankens fond	Gavefond	Sum egenkapital
Egenkapital 1.1.2024	1.324.829	3.862	1.328.691
Periodens resultat	173.566		173.566
Overført til gavefond	20.000	20.000	
Utdelt fra gavefond		-3.733	-3.733
Andre inntekter og kostnader			
Endring i virkelig verdi utlån PM	681		681
Sum andre inntekter og kostnader	681		681
Totalresultat	174.247		274.247
SpareBank 1 Gruppen - føring mot egenkapital	-1.025		-1.025
Egenkapital 31.12.2024	1.478.051	20.128	1.498.179
Egenkapital 1.1.2025	1.478.051	20.128	1.498.179
Periodens resultat	168.497		168.497
Overført til gavefond	5.000	5.000	
Utdelt fra gavefond		-16.675	-16.675
Andre inntekter og kostnader			
Endring i virkelig verdi utlån PM	-816		-816
Sum andre inntekter og kostnader	-816		-816
Totalresultat	167.681		167.681
Egenkapital 31.12.2025	1.640.732	8.453	1.649.185

Noter

NOTE 1 GENERELL INFORMASJON

SpareBank 1 Lom og Skjåk har forretningsadresse Sognefjellsvegen 4, 2686 Lom. Bankens organisasjonsnummer i Foretaksregisteret er 937 888 015. Banken opererer i Norge og reguleres av norsk rett.

Banken har ett datterselskap; Verdigjenvinning Lom og Skjåk AS. Det er ikke utarbeidet bankregnskap inkludert datterselskapet ettersom de økonomiske størrelsene i Verdigjenvinning Lom og Skjåk ikke er av en slik størrelse at de vil påvirke bankens resultater eller balanse i vesentlig grad. Bankens virksomhet er vurdert som en samlet virksomhet, dvs. ett segment.

Presentasjonsvaluta

Presentasjonsvalutaen er norske kroner som også er bankens funksjonelle valuta. Alle beløp er angitt i tusen kroner med mindre noe annet er angitt.

Regnskapet ble godkjent av styret den 27.2.2026.

NOTE 2 VESENTLIGE REGNSKAPSPRINSIPPER

Grunnlaget for utarbeidelse av årsregnskapet Regnskapet for SpareBank 1 Lom og Skjåk er satt opp etter Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak (årsregnskapsforskriften). Banken har valgt å utarbeide regnskapet etter årsregnskapsforskriften § 1-4 2.ledd b) hvilket innebærer at regnskapet utarbeides i samsvar med IFRS med mindre annet følger av forskriften.

Banken vil unnlate å gi følgende notekrav etter IFRS:

- 1) IFRS 13. Det gis i stedet opplysninger om virkelig verdi i samsvar med forskriftens § 7-3.
- 2) IFRS 15.113-128
- 3) IAS 19.135 litra c og IAS 19.145-147.

IFRS standarder og fortolkninger som er vedtatt, men ikke trådt i kraft i 2025

Nye og endrede regnskapsstandarder og fortolkninger utgitt av IASB vil kunne påvirke konsernets fremtidige rapportering.

Det er ingen nye IFRS eller IFRIC-fortolkninger som er vedtatt, men som ikke er trådt i kraft, og som forventes å ha en vesentlig påvirkning på bankens regnskap.

Implementerte regnskapsstandarder

Banken har ikke implementert nye regnskapsstandarder i 2025 som har hatt vesentlige effekt på årsregnskapet.

Finansielle eiendeler

Etter IFRS 9 skal finansielle eiendeler klassifiseres i tre målekategorier: virkelig verdi med verdiendring over resultatet, virkelig verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader (other comprehensive income - OCI) og amortisert kost. Målekategori bestemmes ved førstegangs regnskapsføring av eiendelen. For finansielle eiendeler skilles mellom gjeldsinstrumenter, derivater og egenkapital-instrumenter, hvor gjeldsinstrumenter er alle finansielle eiendeler som ikke er derivater eller egenkapital-instrumenter. Klassifiseringen av finansielle eiendeler bestemmes ut fra kontraktmessige vilkår for de finansielle eiendelene og hvilken forretningsmodell som brukes for styring av porteføljen som eiendelene inngår i.

Finansielle eiendeler som er gjeldsinstrumenter

Gjeldsinstrumenter med kontraktfestede kontantstrømmer som bare er betaling av rente og hovedstol på gitte datoer og som holdes i en forretningsmodell med formål å motta kontraktmessige kontantstrømmer skal i utgangspunktet måles til amortisert kost. Instrumenter med kontraktfestede kontantstrømmer som bare er betaling av rente og hovedstol på gitte datoer og som holdes i en forretningsmodell med formål både å motta kontraktmessige kontantstrømmer og salg, skal i utgangspunktet måles til virkelig verdi med verdiendringer over OCI, med renteinntekt, valutaomregningseffekter og eventuelle nedskrivninger presentert i det ordinære resultatet. Verdiendringer ført over OCI skal reklassifiseres til resultatet ved salg eller annen avhendelse av eiendelene.

Banken benytter seg av SpareBank 1 Boligkreditt AS som finansieringsverktøy. Banken overfører bare deler av de utlån som kvalifiserer for overføring til boligkreditselskapet. Utlån som inngår i forretningsmodeller (porteføljer) med utlån som kvalifiserer for overføring kan derfor sies å holdes både for å motta kontraktmessige kontantstrømmer og for salg, en forretningsmodell som er konsistent med måling til virkelig verdi med verdiendringer over OCI. Vi viser for øvrig til note 8.

Ut fra en vurdering av betingelser for utlån til person- og bedriftsmarkedskunder, er det derfor konkludert med at lån til personmarkedet med pant i bolig, med unntak av fastrenteutlån, klassifiseres til måling til virkelig verdi over OCI. For lån til bedriftsmarkedet, og lån til personmarkedet uten pant i bolig, og som ikke er fastrenteutlån videreføres tidligere praksis med måling til amortisert kost. Kontanter og fordringer på sentralbanker samt utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner måles også til amortisert kost.

Øvrige gjeldsinstrumenter skal måles til virkelig verdi med verdiendring over resultatet. Dette gjelder instrumenter med kontantstrømmer som ikke bare er betaling av normal rente (tidsverdi av penger, kredittmargin og andre normale marginer knyttet til utlån og fordringer) og hovedstol, og instrumenter som holdes i en forretningsmodell hvor formålet i hovedsak ikke er mottak av kontraktfestede kontantstrømmer. Bankens investeringer i sertifikater og obligasjoner måles til virkelig verdi med verdiendring over resultat.

Instrumenter som i utgangspunktet skal måles til amortisert kost eller til virkelig verdi med verdiendringer over OCI kan utpekes til måling til virkelig verdi med verdiendringer over resultatet dersom dette eliminerer eller vesentlig reduserer et regnskapsmessig misforhold. Som følge av at vurdering av fastrenteutlån til amortisert kost ville medført et regnskapsmessig misforhold grunnet regnskapsføring til virkelig verdi av derivater brukt til økonomisk sikring, har SpareBank 1 Lom og Skjåk valgt å måle fastrenteutlån til virkelig verdi med verdiendringer over resultatet.

Nedskrivningsmodell

Etter IFRS 9 skal tapsavsetningene innregnes basert på forventet kredittap (expected credit loss - ECL). Den generelle modellen for nedskrivninger av finansielle eiendeler i IFRS 9 vil gjelde for finansielle eiendeler som måles til amortisert kost eller gjeldsinstrumenter til virkelig verdi med verdiendringer over OCI, og som ikke hadde inntrufne tap ved første gangs balanseføring. I tillegg er også lånetilsagn og finansielle garantikontrakter som ikke måles til virkelig verdi over resultatet omfattet. Banken har benyttet unntaket om lav kredittrisiko for balansepostene «Kontanter og fordringer på sentralbanker» og «Utlån og fordringer på kredittinstitusjoner».

Målingen av avsetningen for forventet tap i den generelle modellen avhenger av om kredittrisikoen har økt vesentlig siden første gangs balanseføring. Ved førstegangs balanseføring og når kredittrisikoen ikke har økt vesentlig etter førstegangs balanseføring skal det avsettes for 12-måneders forventet tap. 12-måneders forventet tap er det tapet som er forventet å inntreffe over levetiden til instrumentet, men som kan knyttes til begivenheter som inntreffer de første 12 månedene. Hvis kredittrisikoen har økt vesentlig etter førstegangs innregning, skal det avsettes for forventet tap over hele levetiden. Forventet kredittap er beregnet basert på nåverdien av alle kontantstrømmer over gjenværende forventet levetid, det vil si forskjellen mellom de kontraktmessige kontantstrømmer i henhold til kontrakten og den kontantstrømmen som banken forventer å motta, diskontert med effektiv rente på instrumentet.

Tapsanslaget lages kvartalsvis, og bygger på historikk over konto- og kundedata for hele kredittporteføljen. Tapsestimatene blir beregnet basert på 12 måneders og livslang sannsynlighet for mislighold (probability of default – PD), tap ved mislighold (loss given default – LGD) og eksponering ved mislighold (exposure at default – EAD). Banken har historikk for observert PD og implisitt LGD, som danner grunnlag for estimerer på fremtidige verdier for PD og LGD.

Modellen inneholder 3 ulike scenarier, «Base case», «Best case» og «Worst case», og det beregnes et forventet tap (expected credit loss – ECL) for hvert scenario. ECL for en kombinasjon av de tre scenariene er et vektet gjennomsnitt for de tre scenariene.

I tråd med IFRS 9 grupperer banken sine utlån i tre trinn:

Trinn 1:

Dette er startpunkt for alle finansielle eiendeler omfattet av den generelle tapsmodellen. Alle eiendeler som ikke har vesentlig høyere kreditt risiko enn ved førstegangsinnregning får en avsetning for tap som tilsvarer 12 måneders forventet tap. I denne kategorien ligger alle eiendeler som ikke er overført til trinn 2 eller 3.

Trinn 2:

I trinn 2 i tapsmodellen er eiendeler som har hatt en vesentlig økning i kreditt risiko siden førstegangsinnregning, men hvor det ikke er objektive bevis på tap. For disse eiendelene skal det avsettes for forventet tap over levetiden. I denne gruppen finner vi eiendeler med vesentlig grad av kredittforverring, men som på balansedato tilhører kunder som ikke er klassifisert som kredittforringet. Når det gjelder avgrensning mot trinn 1, definerer banken vesentlig grad av kredittforverring ved å ta utgangspunkt i hvorvidt et engasjements beregnede PD har økt vesentlig.

Banken har videre definert at eiendeler knyttet til kunder som kommer på watchlist skal inngå i trinn 2 og at det som hovedregel har vært en vesentlig økning i kreditt risiko dersom PD er økt med over 150 % til et nivå over 0,60 %. Videre vil en betaling som er minst 30 dager forsinket indikere vesentlig økning i kreditt risiko, uavhengighet av nivået på PD.

Følgende kriterier må derved være oppfylt for at det skal ha skjedd en vesentlig økning i kreditt risiko:

- PD er økt med over 150 % til et nivå over 0,60 % siden innvilgelse,
- eller, minst 30 dagers forsinket betaling

I utgangspunktet flyttes ikke eiendeler fra «Trinn 2» til «Trinn 1». Dersom et engasjement skal flyttes fra «Trinn 2» til «Trinn 1» må det være objektive bevis for at kreditt risikoen ikke er økt, og eiendelen vurderes å være vesentlig.

Renteinntekter knyttet til utlån i trinn1 og trinn 2 blir beregnet etter den effektive-rentemetoden på den brutto balanseførte verdien.

Trinn 3:

I trinn 3 i tapsmodellen er eiendeler kredittforringet, det vil si at de har hatt en vesentlig økning i kreditt risiko siden innvilgelse og det er objektive bevis på tap på balansedato. For disse eiendelene avsettes det for forventet tap over levetiden. Banken har definert at det er objektive bevis for tap når et utlån er i mislighold.

Samlet engasjement fra en kunde regnes som misligholdt og tas med i bankens oversikt over misligholdte engasjementer når forfalte avdrag eller renter ikke er betalt innen 90 dager etter forfall eller rammekreditter er overtrukket i 90 dager eller mer, og hvor misligholdt beløp overstiger kr 1000.

Utlån og andre engasjementer som ikke er misligholdte, men hvor banken er kjent med at annen objektiv hendelse vil medføre redusert fremtidig kontantstrøm til betjening av engasjementet, klassifiseres som tapsutsatte engasjementer.

Kredittforringende eiendeler i trinn 3, omtalt som tapsutsatte engasjementer, består av sum misligholdte engasjementer over 3 måneder og øvrige tapsutsatte engasjementer.

Disse lånene er presentert netto i selskapets balanse og renteinntekter på utlån i trinn 3 blir beregnet basert på netto balanseført verdi.

Konstaterte tap

Konstatering av tap (fraregning av balanseført verdi) foretas når banken ikke har rimelige forventninger om å gjenvinne et engasjement i sin helhet eller en del av den. Kriterier når dette skal gjøres er blant annet:

- Avsluttet konkurs i selskaper med begrenset ansvar
- Stadfestet akkord/gjeldsforhandlinger*
- Avvikling for øvrige selskaper med begrenset ansvar
- Avsluttet bo ved dødsfall
- Ved rettskraftig dom
- Sikkerheter er realisert

Engasjementet vil normalt legges på langstidsovervåkning i tilfelle debitor igjen skulle bli søkegod. Konstaterte tap som er dekket ved tidligere foretatte individuelle nedskrivninger (trinn 3) føres mot nedskrivningene. Konstaterte tap uten dekning i de individuelle nedskrivningene samt over- eller underdekning i forhold til tidligere nedskrivninger resultatføres.

Et engasjement migrerer til ett lavere trinn når vilkårene for den opprinnelige migreringen ikke lenger er tilstede.

Scenarier

Tapsmodellen tar direkte hensyn til utvikling i de makroøkonomiske størrelsene rentenivå og arbeidsledighet. Disse benyttes videre til å estimere misligholdssansynlighet (PD) og tap gitt mislighold (LGD) som er sentrale parametere i beregningen av ECL. I tillegg til observert rentenivå og arbeidsledighet blir det gjort estimater av de to makroøkonomiske størrelsene fremover i tid. Estimatenes er bygd på tre ulike makroscenarier som tildeles hver sin sannsynlighet/vekt i ECLberegningen. I tråd med makroscenariene fra KFK bruker vi en 80/10/10-vekting.

Scenario 1: «Base case». Det scenarioet man tror mest på, avviker ikke vesentlig fra dagens situasjon.

Scenario 2: «Worst case». Økonomiske utsikter er dårligere enn scenario 1 (gitt at man faktisk ikke er i og står overfor en fortsatt alvorlig lavkonjunktur).

Scenario 3: «Best case». Økonomiske utsikter som er bedre enn scenario 1.

Det vises til note 3 om kritiske estimater, samt note 10 om tap.

Innregning og fraregning av finansielle eiendeler og forpliktelser

Finansielle eiendeler og forpliktelser innregnes på handledagen, det vil si tidspunktet banken blir part i instrumentenes kontraktsmessige betingelser.

Datterselskap og konsolidering

SpareBank 1 Lom og Skjåk har ett datterselskap; Verdigjenvinning Lom og Skjåk AS. Det blir ikke utarbeidet konsernregnskap ettersom de økonomiske størrelsene i Verdigjenvinning Lom og Skjåk ikke er av en slik størrelse at de vil påvirke bankens resultater eller balanse i vesentlig grad.

I regnskapet er selskapet innregnet til laveste verdis prinsipp.

Tilknyttet selskap

SpareBank 1 Lom og Skjåk eier 50% av aksjene i Midtgard AS og 23% av aksjene i Eiendomsmegler 1 Lillehammer og Gudbrandsdal AS. Bankens eiendeler i disse selskapene blir regnskapsført etter egenkapitalmetoden.

Felleskontrollert virksomhet

SpareBank 1 Gruppen eies med 19,5 % hver av SpareBank 1 SR-Bank, SpareBank 1 SMN, SpareBank 1 Nord-Norge og Samarbeidende Sparebanker AS. Øvrige eiere er SpareBank 1 Østlandet (12,4 %) og LO (9,6 %).

SpareBank 1 Lom og Skjåk eier 6,9 % av Samarbeidende Sparebanker AS, 6,9 % av SpareBank 1 Sam-spar AS og 2,90 % av Samarbeidende SpareBanker Utvikling DA. Styringsstrukturen disse selskapene er også avtaleregulert mellom eierne som tilfredsstiller felleskontrollert virksomhet. SpareBank 1 Lom og Skjåk klassifiserer sin deltakelse i disse selskapene som investering i felleskontrollert foretak og blir bokført etter egenkapitalmetoden

Derivater og investeringer i egenkapital-instrumenter med unntak av datterselskaper og felleskontrollerte virksomheter/tilknyttede selskaper

Alle derivater blir målt til virkelig verdi med verdiendring over resultatet. Investeringer i egenkapitalinstrumenter skal måles til virkelig verdi over resultatet med mindre man oppfyller kravene til måling til virkelig verdi over OCI og velger dette ved første gangs innregning. SpareBank 1 Lom og Skjåk regnskapsfører alle egenkapitalinstrumenter til virkelig verdi over resultat.

Eiendom, anlegg og utstyr

Eiendom, anlegg og utstyr førstegangsinregnes til anskaffelseskost og avskrives deretter lineært over forventet levetid. Ved fastlegging av avskrivningsplan splittes de enkelte eiendeler i nødvendig utstrekning opp i komponenter med forskjellig levetid, og det tas hensyn til estimert restverdi. Eiendom, anlegg og utstyr som hver for seg er av liten betydning, eksempelvis PC-er og annet kontorutstyr, vurderes ikke individuelt for restverdier, levetid eller verdifall, men vurderes som grupper.

Tomter avskrives ikke. Andre driftsmidler avskrives etter den lineære metode, slik at anleggs-midlenes anskaffelseskost, eller revaluert verdi, avskrives til restverdi over forventet utnyttbar levetid, som er:

Bygninger	20-50 år
Maskiner og IT-utstyr	3-7 år
Transportmidler	4-5 år
Inventar	3-10 år

Eiendom, anlegg og utstyr som avskrives, er gjenstand for en nedskrivningstest i samsvar med IAS 36 når omstendighetene indikerer det.

Renteinntekter og –kostnader

Renteinntekter beregnet etter effektivrentemetode presenteres separat i resultatoppstillingen. Dette innebærer at renteinntekter på finansielle eiendeler målt til amortisert kost og renteinntekter på finansielle eiendeler målt til virkelig verdi over utvidet resultatet er presentert i regnskapslinjene «Renteinntekter beregnet etter effektivrentemetoden av utlån og fordringer på kredittinstitusjoner og finansforetak» og «Renteinntekter beregnet etter effektivrentemetoden av utlån til og fordringer på kunder». Renteinntekter på finansielle eiendeler målt til virkelig verdi over resultatet er

presentert i regnskapslinjen «Øvrige renteinntekter». Urealisert verdiendring steg 1 tap vises under andre inntekter og kostnader. Renteinntekter beregnes på brutto beløp i trinn 1 og trinn 2 og for lån i trinn 3 inntektsføres renter på netto bokført verdi etter tapsavsetning.

Rentekostnader knyttet til eiendeler og forpliktelser som måles til amortisert kost resultatføres løpende basert på en effektivrentemetode. Alle gebyrer knyttet til rentebærende innlån og utlån inngår i beregningen av effektiv rente og amortiseres dermed over forventet løpetid. For rentebærende fordringer som måles til virkelig verdi vil endring i markedsverdien klassifiseres som netto resultat fra andre finansielle investeringer.

Innskuddsgarantifondet og krisetiltaksfondet

Avgift til Bankenes Sikringsfond gjelder innbetaling til innskuddsgarantifondet og krisetiltaksfondet. Avgiften ilegges normalt på bakgrunn av gjennomsnittlig garanterte innskudd og gjennomsnittlig beregningsgrunnlag for tidligere kvartaler. En uttreden fra ordningen medfører etter en forskriftsendring gjeldende fra 2017 tilbakebetaling av for mye innbetalt avgift. Endringen innebærer at sikringsfondsavgiften periodiseres som øvrige rentekostnader gjennom året.

Provisjonsinntekter og –kostnader

